



Kartlegging av edellauskog i Møre og Romsdal i 2010

 **MILJØFAGLIG
UTREDNING AS**

Gaarder, G., Flynn, K. M., Hanssen, U. & Holtan, D. 2011. Kartlegging av edellauskog i Møre og Romsdal i 2010. Miljøfaglig Utredning Rapport 2011:32. ISBN 978-82-8138-489-7

Kartlegging av edellauvskog i Møre og Romsdal i 2010

Framsidedeilete: Todalen i Aure kommune, i nordvestlege delar av Møre og Romsdal fylke. Skogslia bak desse gardsbruka var eit av fleire område som vart undersøkt i 2010. Den viste seg å innehalde store areal med hasselkratt og andre verdier knytt til varmekjær lauvskog som gamle styvingstre av alm og varmekjær kjeldelauvskog. Samla sett har Todalen nokre av dei største lauvskogsverdiane som er kjent i ytre strøk på Vestlandet. Foto: Geir Gaarder

Miljøfaglig Utredning AS

Rapport 2011:32

Utførende institusjon: Miljøfaglig Utredning AS	Prosjektansvarleg: Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning AS
	Prosjektmedarbeidarar: Kirstin Maria Flynn, Ulrike Hanssen, Dag Holtan
Oppdragsgjevar: Direktoratet for naturforvaltning	Kontaktperson hos oppdragsgjevar: Gunnar Kjærstad

Referanse:

Gaarder, G., Flynn, K. M., Hanssen, U. & Holtan, D. 2011. Kartlegging av edellauvskog i Møre og Romsdal i 2010. Miljøfaglig Utredning Rapport 2011:32. 28 s. + vedlegg. ISBN 978-82-8138-489-7

Referat:

Direktoratet for naturforvaltning valde ut 16 skogområde i Møre og Romsdal med potensial for førekomst av biologisk verdifull edellauvskog, som tidlegare ikkje har vore undersøkte. Desse var konsentrert til Storfjorden på Sunnmøre, samt kommunane Aure, Halså og Sunnadal på Nordmøre. Alle områda vart undersøkt i 2010 med vekt på førekomst av verdifulle naturtypar og sjeldne og truga artar.

Det vart funne verdifulle naturtypar innanfor alle områda, og i alt 45 lokalitetar vart skilt ut, fordelt på 9 med verdi svært viktig, 23 med verdi viktig og 13 med verdi lokalt viktig. Dei fleste, i alt 28 stykkar, vart kartlagt som rike edellauvskogar, men det vart også funne 7 lokalitetar med gammal lauvskog, samt ein-skilde naturbeitemarker, slåtteenger og kalkskogar. I alt dekkjer lokalitetane eit areal på nærare 2 kvadratkilometer. Innanfor lokalitetane vart det i tillegg gjort i alt 111 raudlistefunn, fordelt på 33 artar. Av desse er det ein kritisk truga art, to sterkt truga artar, 9 sårbarar artar og 21 nær truga artar. Også fleire regionalt sjeldsynte artar vart funne.

Møre og Romsdal hadde truleg på førehand ein betre dekningsgrad i naturtypekartlegginga enn dei andre fylka i Vest-Noreg. Likevel syner desse resultatane at det også her framleis er mogeleg å finne førekomstar av høg verdi som har vore lite eller ikkje kjend tidlegare. Kartleggingane i 2010 vert vurdert å betre dekninga for edellauvskogane ein god del, men det er framleis indikasjonar på at det står att verdifulle slike skogsmiljø som framleis ikkje er undersøkte.

Forutan verdivurderingar for dei kartlagde naturtypelokalitetane er det også gjort kortfatta vurderingar av naturverdiane for dei 16 undersøkte områda samla sett, og samanlikna dei med kva som er kjent innanfor etablerte verneområde i Møre og Romsdal.

5 emneord:

Møre og Romsdal
Edellauvskog
Biologisk mangfald
Naturtypar
Kartlegging

Forord

Miljøfaglig Utredning AS har utført ei naturfagleg kartlegging av 16 utvalde skogområde i Møre og Romsdal fylke, fordelt på kommunane Norddal, Stordal, Stranda og Sykkylven på Sunnmøre og Aure, Halså og Surnadal på Nordmøre.

Kartlegginga er utført på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning. Hovudansvarleg hos oppdragsgjevar har vore Gunnar Kjærstad. Han skal ha takk for hjelp med å skaffe fram relevante bakgrunnsdata. Også Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/Kjell Lyse skal ha takk for bidrag, m.a. med å sende ut informasjon til lokale folk om prosjektet på førehand. Ein takk også til Finn Oldervik, Aure for informasjon om lokalitetane i kommunen og hjelp med m.a. overnatting.

Prosjektansvarleg hos Miljøfaglig Utredning har vore Geir Gaarder, medan Kirstin Maria Flynn og Ulrike Hanssen frå same firma har delteke både under feltarbeid og rapportskriving. Det same gjeld Dag Holtan, som i praksis hadde hovudansvaret for undersøkingane på Sunnmøre.

Tingvoll/Ørskog, 21.06.2011

Miljøfaglig Utredning AS

Geir Gaarder Kirstin Maria Flynn Ulrike Hanssen Dag Holtan

Innhold

FORORD.....	4
INNHALD.....	5
1 INNLEIING.....	6
2 METODE.....	7
2.1 GENERELT.....	7
2.2 DATAGRUNNLAG.....	7
2.3 VERDISSETTING.....	9
2.4 FORKLARING AV ORD OG UTTRYKK.....	9
3 RESULTAT AV UNDERSØKINGANE I 2010.....	11
3.1 FORDELING PÅ NATURTYPAR OG VERDI.....	11
3.2 FØREKOMST AV SJELDNE OG TRUGA ARTAR.....	15
4 VERDIVURDERINGAR.....	20
4.1 NATURTYPAR OG VERDI.....	20
4.2 SAMANLIKNING MED EKSISTERANDE VERNEOMRÅDE.....	22
5 KUNNSKAPSNIVÅ OG KUNNSKAPSHOL.....	25
5.1 KARTLEGGINGSHISTORIA.....	25
5.2 KOR MYKJE VEIT VI NO?.....	26
5.3 PRIORITERINGAR FRAMOVER.....	27
6 KJELDER.....	28

1 Innleiing

I 2009 sette Direktoratet for naturforvaltning (DN) i gang med systematiske, supplerande kartleggingar av edellauvskog i Noreg. Då vart ei rekkje område i Aust-Agder og Telemark fylker undersøkt (Klepsland m.fl. 2011). Dette vart vidareført i 2010 med undersøkingar i m.a. Møre og Romsdal fylke. Desse kartleggingane er eit ledd i DN si satsing på systematiske naturfaglege registreringar i spesielle skogtypar (DN 2005).

For Møre og Romsdal sin del har prosjektet hatt eit par overordna målsettingar;

1. Få ei regional oversikt over førekomsten av verdifull edellauvskog i fylket
2. Auke kunnskapen om det biologiske mangfaldet knytt til skogtypen. Særleg vekt vert lagt på vegetasjon, karplanter, sopp og lav.
3. Få rangert naturtypane etter naturverdi i samsvar med DN-handbok 13.

I alt 16 skogområde vart valt ut i fylket, konsentrert til Storfjorden på Sunnmøre, samt kommunane Aure, Halså og Surnadal på Nordmøre, sjå tabell 1. Dei seier seg sjølv at dette utvalet er alt for lite til å gje en oversikt over førekomsten av verdifull edellauvskog i fylket isolert sett. Om ein derimot i tillegg trekkjer inn den kunnskapen som tidlegare er samla inn om edellauvskogane i fylket, bør dette vere mogeleg i større grad.

Alle nye biologiske undersøkingar av skogsmiljø vil også gje auka kunnskap om mangfaldet i skogane. Under desse supplerande kartleggingane vart det da også lagt vekt på vegetasjon, karplanter, sopp og lav, noko som ytterlegare har betra kunnskapsnivået. Sidan det likevel berre er prat om ei avgrensa kartlegging av eit fåtal område, kan ein likevel ikkje har forventningar om nokon vesentleg auke i kunnskapsnivået.

Alle lokalitetar skulle skildrast og verdsettast med grunnlag i dei nyaste retningslinene for bruk av DN-handbok 13, noko som også gjev eit grunnlag for rangering etter naturverdi.

I denne rapporten er resultatane frå undersøkingane i 2010 presentert. Dei er samtidig rapportert til DN slik at dei seinare kan leggje lokalitetsskildringar og tilhøyrande kartavgrensingar ut på Internett gjennom Naturbase. I rapporten er det i tillegg laga ei kortfatta oppsummering av kartleggingsresultata, og desse er diskutert i høve til anna kunnskap om edellauvskogane i Møre og Romsdal. Dette omfattar også ei vurdering av kunnskapsnivået om desse skogsmiljøa i fylket.

2 Metode

2.1 Generelt

Kartlegginga har føregått etter metodikken i *Direktoratet for naturforvaltning (2007) si handbok i kartlegging av biologisk mangfald*. Handboka sine metodar både for kva for naturtypar som skal registrerast, og korleis dei skal verdsetjast og presenterast, har vore styrande.

Handboka deler norsk natur inn i 7 hovudtypar og har valt ut 56 naturtypar innanfor desse som skal prioriterast i kartlegginga. Den same hovudinndelinga og dei same prioriteringane av naturtypar er brukt i dette prosjektet. Også handboka sitt verdsettingssystem er brukt. Alle lokalitetar er lagt inn i ein eigen database. *Som databaseverktøy er NaturkartDA sin base Natur2000 brukt*. I tillegg er lokalitetane avgrensa på digitale kart.

Resultata frå denne kartlegginga vil etter kvart ganske sikkert komme på Internett via Naturbase (<http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/>). Under feltarbeidet har det vorte samla inn belegg av raudlisteartar og andre regionalt sjeldne artar. Desse er sendt til Bergen museum (lav og karplantar), Botanisk museum i Oslo (sopp) eller Vitenskapsmuseet, Trondheim (mosar). Via digitalisering av deira samlingar vil funna etter kvart kome ut på nettet via Artskart (<http://artskart.artsdatabanken.no/>). Mange andre artsfunn er publisert via Biofokus sin GBIF-portal og vil dermed også visast på Artskart.

2.2 Datagrunnlag

Dei 16 områda (sjå tabell 1) som vi fekk i oppdrag å kartlegge for DN var opphavleg valt ut av Fylkesmannen si miljøvernavdeling i Møre og Romsdal. Dette igjen med grunnlag i tips frå lokale fagfolk (som rapportforfattarane, samt Finn Oldervik i Bioreg i Aure og Ingvar Stenberg i Surnadal).

Tabell 1. Utvalte område for naturtypekartlegging i Møre og Romsdal i 2010.

Nummer	Kommune	Namn
1	Aure	Gauplia
2	Aure	Todalen
3	Aure	Bergeneset
4	Aure	Stabblandet
5	Halsa	Henna
6	Norddal	Saufonna
7	Norddal	Heggurda
8	Norddal	Linge vest
9	Stranda	Oaldsbygda
10	Stranda	Nedre Ovrå
11	Stordal	Gråura
12	Stordal	Hove
13	Surnadal	Telstad
14	Surnadal	Hommelstad
15	Surnadal	Grytåa
16	Sykkylven	Søvik nord

Kunnskapen om områda var på førehand noko varierende, men gjennomgåande dårleg, sjølv om ein visste det fanst varmekjær skog med edellauvtre i alle områda. For fleire av lokalitetane i Storfjorden på Sunnmøre hadde det vore målbevisste undersøkingar på privat initiativ dei siste par åra. Meir eller mindre tilfeldige registreringar hadde også vore gjort i nokre av område i Aure og dels Surnadal i nyare tid. Eldre undersøkingar var berre unntaksvis kjent (truleg hadde Jon Kaasa botanisert innanfor området i Todalen i Aure på 1950-talet). Generelt var det mangel på publiserte opplysningar frå områda. Det einaste av litt interesse var i så måte ein ganske gammal konsekvensutgreiing som omfatta Gauplia i Aure (Gaarder 1992).

Vårt eige feltarbeid vart særleg føreteke på hausten i 2010, men ein lokalitet på Sunnmøre vart undersøkt alt på sommaren. Vi hadde på førehand ei målsetjing om ikkje minst undersøke førekomen av marklevande sopp i fleire av områda, som vi hadde spesielt tru på kunne vere interessant og gi viktig informasjon om naturverdiane samt funn av sjeldsynte og raudlista artar. Diverre var hausten 2010 ein av dei dårlegaste soppsesongane som har vore dei siste 10 åra, og dette vart difor mislykka. Dette var også noko av årsaken til at fleire av lokalitetane (særleg dei i Aure) vart teke som så seint som i midten av oktober. Vi unngjekk likevel (så vidt) snø under feltarbeidet, og det hadde heller ikkje vore frost av særleg omfang. Det seine tidspunktet bør difor ikkje ha påverka resultatane negativt.

Under feltarbeidet vart vanleg naturtypekartleggingsmetodikk nytta. Med andre ord vart det søkt målretta etter verdifulle naturtypar, med grov vurdering av kart på

førehand, avstandsvurderingar i felt i neste omgang der det var mogeleg, og deretter aktive søk i felt. Vi la hovudvekta i felt på å identifisere naturverdiar som var avgjerande for verdisettinga (som raudlisteartar, tilstand, naturtypar, inngrep), og i neste omgang vekt på å avgrensa lokalitetane så godt som råd. Sjølv om det primært var naturtypar vi skulle sjå etter, så utgjer artar eit så sentralt verktøy både for å bestemme typen og verdisetta han, at vi brukte ein god del tid på å finne indikatorartar for ulike naturtypar og raudlisteartar.

2.3 Verdisetting

Alle lokalitetar er verdisett etter Direktoratet for naturforvaltning (2007) sitt system, som deler inn lokalitetane i **viktige (B)** og **svært viktige (A)** område. I tillegg kjem område som er **lokalt viktige (C)**.

Det er satt opp 5 kriterium for verdisetting av lokalitetane:

- Storleik og kor godt utforma dei er (verdien aukar med storleiken og kor godt utforma dei er)
- Grad av tekniske inngrep (tekniske inngrep reduserer verdien)
- Førekost av raudlisteartar (verdien aukar med tal og trugsmåla)
- Preg av kontinuitet (verdien aukar med miljøet sin alder)
- Sjeldsynte utformingar (nasjonalt og regionalt)

Førekost av raudlisteartar er ofte eit vesentlig kriterium for å verdisette ein lokalitet. Ny norsk raudliste kom hausten 2010 (Kålås m.fl. 2010), der IUCN sine kriterium for raudlisting av artar (IUCN 2005) er brukt som grunnlag. Dei ulike raudlistekategoriene med rangering og forkortingar er (med engelsk namn i parentes) :

RE – Regionalt utrydda (Regionally Extinct)

CR – Kritisk truga (Critically Endangered)

EN – Sterkt truga (Endangered)

VU – Sårbar (Vulnerable)

NT – Nær truga (Near Threatened)

DD – Datamangel (Data Deficient)

Elles blir det vist til Kålås m.fl. (2010) for nærare forklaring av inndeling, metodar og utval av artar for den norske raudlista. Der er det også kortfatta gjort reie for kva for miljø artane lever i og viktige typar trugsmål.

2.4 Forklaring av ord og uttrykk

Den nye naturmangfaldlova definerer i §3 ein del ord og uttrykk som det er nyttig å kjenne til: ”*I denne lov forstås med*

- art: etter biologiske kriterier bestemte grupper av levende organismer;*
- bestand: en gruppe individer av samme art som lever innenfor et avgrenset område til samme tid;*

- c) *biologisk mangfold: mangfoldet av økosystemer, arter og genetiske variasjoner innenfor artene, og de økologiske sammenhengene mellom disse komponentene;*
- d) *dyr: pattedyr, fugler, krypdyr, amfibier, fisk og virvelløse dyr;*
- e) *fremmed organisme: en organisme som ikke hører til noen art eller bestand som forekommer naturlig på stedet;*
- f) *genetisk materiale: gener og annet arvemateriale i ethvert biologisk materiale, som kan overføres til andre organismer med eller uten hjelp av teknologi, likevel ikke genetisk materiale fra mennesker;*
- g) *høsting: jakt, fangst, fiske og innsamling av planter eller plantedeler (medregnet bær og frukter) og sopp, i friluftsliv og næring;*
- h) *innførsel: kryssing av grense på land mot nabostat eller ilandføring fra områder utenfor lovens virkeområde;*
- i) *naturmangfold: biologisk mangfold, landskapsmessig mangfold og geologisk mangfold, som ikke i det alt vesentlige er et resultat av menneskers påvirkning;*
- j) *naturtype: ensartet type natur som omfatter alle levende organismer og de miljøfaktorene som virker der, eller spesielle typer naturforekomster som dammer, åkerholmer eller lignende, samt spesielle typer geologiske forekomster;*
- k) *organisme: enkeltindivid av planter, dyr, sopp og mikroorganismer, inkludert alle deler som er i stand til å formere seg eller overføre genetisk materiale;*
- l) *planter: karplanter, moser og alger;*
- m) *sopp: sopp og lav;*
- n) *system der rømming ikke er utelukket;*
- o) *uttak: enhver form for avlving eller fjerning av hele eller deler av organismer fra naturen uansett formål;*
- p) *vilt: naturlig viltlevende landpattedyr, fugler, krypdyr og amfibier;*
- q) *virvelløse dyr: dyr uten ryggstøyle;*
- r) *økologisk funksjonsområde: område – med avgrensning som kan endre seg over tid – som oppfyller en økologisk funksjon for en art, slik som gyteområde, oppvekstområde, larvedriftsområde, vandrings- og trekkruiter, beiteområde, hiområde, myte- eller hårfellingsområde, overnattingsområde, spill- eller parringsområde, trekkvei, yngleområde, overvintringsområde og leveområde;*
- s) *økologisk tilstand: status og utvikling for funksjoner, struktur og produktivitet i en naturtypes lokaliteter sett i lys av aktuelle påvirkningsfaktorer;*
- t) *økosystem: et mer eller mindre velavgrenset og ensartet natursystem der samfunn av planter, dyr, sopp og mikroorganismer fungerer i samspill innbyrdes og med det ikke-levende miljøet.”*

3 Resultat av undersøkingane i 2010

3.1 Fordeling på naturtypar og verdi

Innanfor alle dei 16 utvalde skogområda vart det funne verdifulle naturtypar, men med store skilnader i storleik og verdi. Dei fleste stadane på Sunnmøre (Norddal, Stordal, Stranda og Sykkylven kommunar) vart det berre avgrensa ein naturtypelokalitet pr skogområde (og i einsskilde tilfelle er det grunnlag for å slå denne saman med nærliggande skog i ein ny, stor lokalitet). I Aure og Surnadal kommunar vart derimot delområde skilt ut som nye lokalitetar fleire stader. Dette var særleg utprega i Gauplia og mellom Storslett og Klaven på sørvestsida av Ertvågøya, der det vart avgrensa høvesvis 11 og 12 nye naturtypelokalitetar. I alt førte dette til at vi kartla 45 nye lokalitetar i 2010.

Tabell 2. Kartlagde verdifulle naturtypar fordelt på kommunar, naturtypar og verdi. Areal i dekar (der alle under eit dekar er avrunda oppover).

Kommune	Nr	Navn	Naturtype	Verdi	Areal
Surnadal	1	Telstad	Rik edellauvskog	C	29
Surnadal	2	Dønnyn sørvest	Haustingsskog	B	2
Surnadal	3	Grytå ved Dønnøyn	Bekkekløft og bergvegg	B	12
Surnadal	4	Dønnyn nordvest	Gammal lauvskog	C	1
Surnadal	5	Dønnyn ved Grythaugen	Haustingsskog	B	4
Surnadal	6	Hommelstadbekken nedre	Gråor-heggeskog	A	56
Surnadal	7	Hommelstadbekken midtre	Gråor-heggeskog	B	7
Surnadal	8	Hommelstadbekken øvre	Rik edellauvskog	A	40
Stranda	9	Vindsneset	Rik edellauvskog	B	16
Stranda	10	Vindsneset sør	Rik edellauvskog	C	27
Halsa	11	Henna	Rik edellauvskog	C	3
Aure	12	Mebakkan aust	Rik edellauvskog	B	3
Aure	13	Mebakkan vest	Gammal lauvskog	B	5
Aure	14	Haugen	Rik edellauvskog	B	11
Aure	15	Gauplia aust - alm	Store gamle tre	C	1
Aure	16	Gauplia aust 1	Gammal lauvskog	B	2
Aure	17	Gauplia aust 2	Gammal lauvskog	B	5
Aure	18	Bergeneset aust	Rik edellauvskog	B	46
Aure	19	Storslett vest	Rik edellauvskog	A	37

Kommune	Nr	Navn	Naturtype	Verdi	Areal
Aure	20	Bergeneset nord	Rik edellauvskog	B	10
Aure	21	Bergeneset	Naturbeitemark	B	3
Aure	22	Steinsneset aust	Rik edellauvskog	C	3
Aure	23	Klaven: Omnlia	Rik edellauvskog	B	13
Aure	24	Klaven	Slåttemark	B	5
Aure	25	Fjelnesdalen aust	Rik edellauvskog	A	92
Aure	26	Digermulan	Rik edellauvskog	B	8
Aure	27	Todalen nord	Rik edellauvskog	A	292
Aure	28	Gauplia - gammel ospeholt	Gammel lauvskog	C	1
Aure	29	Gauplia - hasselkratt I	Rik edellauvskog	C	1
Aure	30	Gauplia - hasselkratt II	Rik edellauvskog	B	5
Aure	31	Gauplia - hasselkratt III	Rik edellauvskog	C	2
Aure	32	Gauplia - kystbjørkeskog	Gammel lauvskog	B	5
Aure	33	Klaven - hasselkratt I	Rik edellauvskog	C	2
Aure	34	Klaven - hasselkratt II	Rik edellauvskog	B	7
Aure	35	Klaven - hasselkratt III	Rik edellauvskog	C	9
Aure	36	Klaven - hasselkratt IV	Rik edellauvskog	B	31
Aure	37	Skarvbergvika vest	Rik edellauvskog	B	14
Aure	38	Spøtneset vest	Rik edellauvskog	A	177
Norrdal	39	Tafjord: Saufonna	Rik edellauvskog	C	32
Norrdal	40	Fjørå: Heggurda	Rik edellauvskog	A	81
Norrdal	41	Linge: Linge	Kalkskog	A	104
Stranda	42	Ovrå: Ovrå	Rik edellauvskog	C	58
Stordal	43	Stordal: Gråura	Gammel lauvskog	B	260
Stordal	44	Stordal: Hove	Rik edellauvskog	B	183
Sykkylven	45	Søvik: Søvik nedre	Gammel fattig edellauvskog	A	237
			Sum areal: 1.941 daa		

28 av dei 45 registrerte lokalitetane er rike edellauvskogar, der 6 har verdi A, 12 verdi B og 10 verdi C. Den høge andelen er som forventa, sidan hovudmålet med kartlegginga var edellauvskog. Berre ein gammal fattig edellauvskog vart fanga opp, og dette var samstundes eit mosaikkmiljø der det også fanst mange andre kvalitetar av nesten like høg verdi. Dette var heller ikkje uventa, da det er lite fattig edellauvskog å finne så langt nord, og det vesle som finst er sjeldan særleg gam-


malt. I tillegg er det grunn til å ta med to haustingsskogar her, begge med verdi B og funne i Surnadal kommune. Dette er også edellauvskogsmiljø, men det gamle styvingstre av alm utgjer ein så viktig kvalitet at kulturpåverknaden har vore styrande for val av naturtype.


Elles vart det registrert 7 førekomstar av gammal lauvskog, der 5 fekk verdi B og 2 verdi C. Slike miljø er ikkje uvanleg å finne nær edellauvskogar og ofte meir eller mindre i mosaikk med dei, så dette var også som forventa. Noko av det same gjeld dei to gråor-heggeskogane, med verdi A og B, begge i Surnadal. Skogtypen er ikkje særleg vanleg i store delar av fylket, men ikkje minst denne kommunen har ein del av den. Det er også grunn til å trekkje fram den eine kalkskogen som vart fanga opp, inne i Norddal. Denne har verdi A og er ein del av dei internasjonalt viktige og samla sett uvanleg store kalkfuruskogsområda i Storfjorden. Også ei bekkeløft vart undersøkt i Surnadal, med verdi B.

Til sist vart det meir tilfeldig fanga opp eit par kulturlandskapsmiljø. Eit stort gammalt tre i form av ei einskild alm i Gauplia i Aure hører like godt heime i skogen, men på sørvestsida av Ertvågøya i same kommune låg det også ei beitemark og ei slåtteeng av verdi B innanfor undersøkingsområdet.

Det er grunn til å framheva at 9 av dei 45 naturtypelokalitetane har fått verdien A – Svært viktig, medan 23 har fått verdien B – viktig og 13 verdien C – lokalt viktig. Dette er med på å dokumentere at på tross av ein relativt høg kvalitet på utførte kommunale naturtypekartleggingar i Møre og Romsdal fylke, så viser det seg framleis moglege å finne betydelege naturverdiar som har vore dårleg kjent tidlegare.

På dei to neste sidene er lokalisering av dei ulike kartlagde naturtypene grovt vist på oversiktskart, der førekomstane på Nordmøre (Aure, Halså og Surnadal) kjem fyrst og førekomstane på Sunnmøre (Norddal, Stranda, Stordal og Sykkylven) kjem til slutt.





3.2 Førekomst av sjeldne og truga artar

Dette prosjektet hadde som si primære oppgåve å fange opp nye naturtypelokaliteter, men det følgjer naturleg av dette at ein også må kartlegge delar av artsmangfaldet. Ikkje minst var det ei klar målsetting i våre undersøkingar å fange opp flest mogeleg av aktuelle raudlisteartar innanfor områda. Ein relativt dårleg soppsesong hausten 2010 reduserte heilt opplagt resultatane i så måte. Likevel vart det gjort ein

del funn, samtidig som vi kjente til ein del eldre funn innanfor einskilde lokalitetar (i fyrste rekkje gjort av oss sjølve relativt nyleg).

Tilknytt dei 45 kartlagde naturtypelokalitetane har vi registrert i alt 111 funn av raudlisteartar (med grunnlag i gjeldande raudliste; Kålås et al. 2010). Desse er fordelt på 33 artar.

Tabell 3. Oversyn over funn av raudlisteartar under edellauvskogskartleggingane i Møre og Romsdal fylke i 2010, med unntak av virvellidyr. Artane er sortert etter organismegruppe og vitskapeleg namn. Lokalitetsnummer er vist for artar funne i 2010. Kommunar: 1576=Aure, 1524=Norddal, 1525=Stranda, 1526=Stordal, 1566=Surnadal, Sy=Sykkylven

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Lokalitetar
Karplanter			
Alm	<i>Ulmus glabra</i>	NT	156610001, 156610002 (2 funn), 156610003 (3 funn), 156610005 (3 funn), 156610006, 156610008 (2 funn), 156610009, 156610010, 156610012 (2 funn), 156610014 (2 funn), 156610015, 156610018, 156610019, 156610022, 156610023, 156610025 (4 funn), 156610026, 156610027, 156610034, 156610036, 156610037, 156610038, 152410039, 152410040, 152410041, 152510042, 152610043, 152610044
Ask	<i>Fraxinus exelsior</i>	NT	152410039, 152410040, 152610043, 152610044
Sunnmørsmarikåpe	<i>Alchemilla semidivisia</i>	VU	152410041
Lav			
Kvithovudnål	<i>Chaenotheca gracilentia</i>	NT	157610003
Skorpefylltav	<i>Fuscopannaria ignoblis</i>	NT	157610015, 157610016, 157610017 (2 funn), 157610037, 157610038
Olivenlav	<i>Fuscopannaria mediterranea</i>	NT	157610013 (2 funn)
Kastanjelav	<i>Fuscopannaria sampaiana</i>	VU	157610012, 157610013, 157610014, 157610025 (3 funn)
Bleik kraterlav	<i>Gyalecta flotowii</i>	VU	156610006, 157610027
Almelav	<i>Gyalecta ulmi</i>	NT	156610002, 156610003 (2 funn), 15661005 (3 funn), 15661006
Blådoggnål	<i>Sclerophora farinacea</i>	VU	156610002, 156610003, 156610005 (3 funn)
Bleikdoggnål	<i>Sclerophora pallida</i>	NT	156610006, 157610027
Hasselrurlav	<i>Thelotrema suecicum</i>	NT	156610001 (2 funn), 157610026, 157610027 (3 funn)

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Lokalitetar
Mosar			
Fakkeltvibladmose	<i>Scapania apiculata</i>	VU	156610006 (2 funn)
Sopp			
Skrukkeøyre	<i>Auricularia mesenterica</i>	NT	152410040
Lurvesøtpigg	<i>Bankera fuligineoalba</i>	NT	152410041
Furugråkjuke	<i>Boletopsis grisea</i>	VU	152410041
Ametystkantarell	<i>Cantharellus amethysteus</i>	NT	152410041
Sinoberslørsopp	<i>Cortinarius cinnabarinus</i>	VU	152410040
Koparraud slørsopp	<i>Cortinarius cupeorufus</i>	NT	152410041
Safranslørsopp	<i>Cortinarius olearoides</i>	VU	152410040
Svartnande trompet-sopp	<i>Craterellus melanoxeros</i>	NT	152410040
Hasselkjuke	<i>Dichomitus campestris</i>	NT	152410041
Musserongvokssopp	<i>Hygrocybe fornicata</i>	NT	157610024
Raudskivevokssopp	<i>Hygrocybe quieta</i>	NT	157610021
Russelærvokssopp	<i>Hygrocybe russocoriaceus</i>	NT	157610021
Blågrå vokssopp	<i>Hygrophorus atramentosus</i>	EN	152410041
Fagervokssopp	<i>Hygrophorus calophyllus</i>	EN	152410041
Almeskinn	<i>Hypoxylon vogesiacum</i>	NT	157610027
Narrepiggssopp	<i>Kavinia himantia</i>	NT	156610003, 156610005 (2 funn), 156610006, 157610008, 157610027 (2 funn)
Duftsvovelriske	<i>Lactarius citriolens</i>	NT	152410040
Filtkjuke	<i>Onnia tomentosa</i>	VU	152410041
Furufiltkjuke	<i>Onnia triquetra</i>	CR	152410041
Glatstorpigg	<i>Sarcodon lecuopus</i>	NT	152410041
Sum	33 artar		111 funn

Dei mest sjeldsynte og interessante funna er gjort av sopp og da marklevande sopp knytt til kalkfuruskog og rike hasselkratt i Norddal kommune i Storfjorden. Dette gjeld ikkje minst den internasjonalt svært sjeldsynte arten furufiltkjuke (CR), men

også andre særprega furuskogsartar som blågrå vokssopp (EN) og fagervokssopp (EN), som alle vart funne nær Linge. Desse funna er tidlegare publisert i eigen artikkel (Holtan & Larsen 2010) som tek for seg kalkfuruskogane i Storfjorden. Også i rike hasselkratt i Heggurda litt lenger inn i fjorden er det funne sjeldsynte og ganske høgt raudlista marklevande sopp, med sinoberslørsopp (VU) og safranslørsopp (VU) som dei mest interessante. Felles for alle dei raudlista soppartane som er kjent frå lokalitetane i Storfjorden er at dei har vortne funne tidlegare på lokalitetane, og at ingen nye artar vart funne under kartlegginga i 2010. Derimot var eit funn av den endemiske sunnmørsmarikåpa (VU) på ein tørrbakke ved Linge ny for området.

Når det gjeld lokalitetane på Nordmøre, så førte ikkje minst den dårlege soppseongen til at det vart gjort få funn av kravfulle marklevande sopp der. Eit par beitemarksopp vart registrert, men da i naturbeitemark og på slåtteeng. I edellauvskogane var det derimot særleg lavfloraen som var interessant, eit element som ser ut til å vere mindre viktig i Storfjorden. I Surnadal var det særleg skorpelav knytt til gamle, tidlegare styva almetre som vart påvist, med fleire funn av blådoggnål (VU) og einskilde av bleik kraterlav (VU) som mest interessant. Artane har ganske sterke bestand i dette dalføret og bleik kraterlav vart også funne på ein lokalitet i Aure. Lokalitetane i Aure hadde eit betre innslag av raudlista bladlav, med ein handfull funn av kastanjelav (VU) som det beste, samt fleire nær truga artar. Til sist kan eit par funn av råtevedmosen fakkeltvibladmose (VU), på ein lokalitet i Surnadal, trekkjast fram. Arten er kjent frå fleire lokalitetar i kommunen tidlegare, og dette er med på å styrke Surnadal som eit kjerneområde for denne arten i regionen og kanskje også i landsmålestokk.

Generelt gjeld det at det vart gjort få overraskande raudlistefunn under kartlegginga i 2010. Derimot er fleire funn med på å styrkje einskilde område som viktige for ulike artar og element. For Surnadal sin del gjeld det tidlegare nemnde fakkeltvibladmose, samt vedbuande sopp og lav knytt til grove og gamle styvingstre av alm. For Aure sin del gjeld det artsrike, oseaniske lavsamfunn i fuktige skogsmiljø med ulike lauvtre og bergveggar.

Forutan raudlistefunna er det også grunn til å trekkje fram nokre regionalt sjeldsynte karplanter som også vart påvist i 2010. For lokalitetane i Storfjorden er det særleg grunn til å nemne funnet av kystmaigull ved Søvik i Sykkylven, ein noko isolert austleg utpostlokalitet for denne sørlege oseaniske arten. På sørsida av Ertvågøya og Stabblandet i Aure var derimot funna av småborre, vaniljerot og laukurt vestlege utpostførekomstar av artar som i regionen har sitt tyngdepunkt lenger inn i fjordsystema. Herifrå bør det også nemnast to funn av slakkstorr, nokre av dei nordlegaste funna som er gjort av denne karakterarten for varmekjær kjelde-lauvskog.



Figur 4.4. Fire typiske og ganske utbreidde lavarter i rike og fuktige lauvskogsmiljø i Møre og Romsdal, alle fra det såkalla lungeneversamfunnet. Øverst t.v.: Kystnever *Lobaria virens*. Øverst t.h.: Vanleg blåfjelllav *Degelia plumbea*. Nederst t.v.: Kystfjelllav *Pannaria rubiginosa*. Nederst t.h.: Puteglye *Collema fasciculare*. Alle foto: Ulrike Hanssen.

4 Verdivurderingar

4.1 Naturtypar og verdi

Dei 45 avgrensa naturtypelokalitetane innanfor dei 16 undersøkingsområda har ganske så ulike kvalitetar og verdi. Truleg kan dei best summerast opp ved å sjå på undersøkingsområda samla, sjå tabell 4 under.

Tabell 4. Kort vurdering av regional verdi som edellauvskogsområde av dei 16 undersøkte områda.

Kommune	Namn	Vurdering
Aure	Gauplia	Nokre verdiar knytt til m.a. gammal, kystnær lauvskog, men lite edellauvskog.
Aure	Todalen	Viktig del av eit av dei største og mest verdifulle skogsmiljøa på kysten av Nordvestlandet, inkludert store verdiar knytt til edellauvskog
Aure	Bergeneset	Litt edellauvskog, men stort sett nokså små lokalitetar og noko avgrensa verdi.
Aure	Stabblandet	Eit av dei betre edellauvskogsområda ut mot kysten i fylket.
Halsa	Henna	Små naturverdiar.
Norddal	Saufonna	Små naturverdiar.
Norddal	Heggurda	Eit av dei betre edellauvskogsområda i indre fjordstrøk i fylket, og del av det beste i Storfjorden.
Norddal	Linge vest	Viktig del av dei svært verdifulle kalkfuruskogane i Storfjorden, men berre avgrensa verdi som edellauvskog.
Stranda	Oaldsbygda	Litt edellauvskog, men små areal og avgrensa verdi.
Stranda	Nedre Ovrå	Små naturverdiar.
Stordal	Gråura	Nokre verdiar knytt til gammal lauvskog, men i liten grad edellauvskog.
Stordal	Hove	Nokre verdiar knytt til edellauvskog. Av interesse sidan det ligg heilt inntil eksisterande reservat.
Surnadal	Telstad	Små naturverdiar.
Surnadal	Hommelstad	Ein del naturverdiar knytt til skog, men berre i avgrensa grad edellauvskog.
Surnadal	Grytåa	Nokre verdiar knytt til skog, men i avgrensa grad edellauvskog.
Sykkylven	Søvik nord	Ein variert og noko avvikande lokalitet med ein del naturverdiar, også knytt til edellauvskog.

Samla sett kan dei undersøkte område og lokalitetane avgrensast i tre hovudgrupper;

1. Lokalitetar som er delområde av skogsmiljø av høg nasjonal verdi: Dette gjeld lokalitetar i Todalen i Aure, samt Heggurda og Linge i Norddal.
2. Lokalitetar som anten er delområde eller også isolert sett skogsmiljø av klar regional verdi: Dette gjeld lokalitetar på sørsida av Stabblandet i Aure, ved Hommelstad i Surnadal, Hove i Stordal og Søvik i Sykkylven.
3. Lokalitetar med meir avgrensa, lokal til svak regional verdi: Dette gjeld ulike lokalitetar i Gauplia i Aure, for ein stor del lokalitetar rundt Bergeneset i Aure (dels på grensa mot regional verdi i aust), Henna i Halså, Telstad i Surnadal, Grytåa i Surnadal (på grensa mot regional verdi), Saufonna i Norddal, Ovrå i Stranda, Oaldsbygda i Stranda og Gråura i Stordal (på grensa mot regional verdi).



Figur 4.4. Fjordlia ved Bergeneset på Ertvågøya i Aure kommune. Ein del verdier knytt til m.a. rik edellauvskog finst i denne bratte, sørvendte lia, men det er ikkje så store areal med verkeleg rik edellauvskog her, da mykje berre er halvrikt til nokså fattig. I tillegg splittar ein del granplantefelt her på Bergeneset opp det som elles er ei ganske lang og nokså intakt fjordli utan andre inngrep av særleg omfang. I bakgrunnen ser ein derimot sørsida av Stabblandet, der undersøkingane i 2010 dokumenterte at var både rikare og meir intakt. Foto: Geir Gaarder.

4.2 Samanlikning med eksisterande verneområde

Det er allereie verna ein god del skog i Møre og Romsdal, særleg gjennom dei systematiske verneplanane for edellauvskog (Bugge 1993) og barskog (Korsmo & Svalastog 1997). Ein del ligg også innanfor nasjonalparkar og landskapsvernområde, samt at det har vorte verna m.a. fleire statskogområde og prestegardsskogar i etterkant av dei store verneplanane. For tida er det ein prosess i gang for å verne einskilde skogområde på privat grunn ("friviljug vern"). På nasjonalt nivå er det gjeve ein samla framstilling av dekningsgraden av dette skogvernet (Framstad et al. 2010), der vernetrongen for rik edellauvskog har vorte vurdert som middels for Møre og Romsdal (tabell 5.2 side 122).

Ut får vår eigen kjennskap til dei ulike verneområda i fylket, kan vi med denne erfaringa som grunnlag kome med einskilde vurderingar av om dei skogområda som i 2010 vart undersøkt fangar opp kvalitetar som kanskje i liten grad ligg innanfor dei etablerte verneområda. Denne framstillinga kan ikkje reknast som spesielt systematisk eller dekkande, men bør vere til hjelp for å få fram nokre av dei kanskje viktigaste kvalitetane for områda.

Tabell 5. Kort vurdering av om dei 16 undersøkte områda, eller naturtypelokalitetar innanfor dei, inneheld naturfaglege kvalitetar som er dårleg fanga opp i eksisterande verneområde i Møre og Romsdal fylke.

Kommune	Namn	Vurdering
Aure	Gauplia	Det finst fleire verneområde ut mot kysten i fylket med meir og betre utvikla edellauvskog enn her. Området inneheld derimot ein del eldre lauvskog som hittil er dårleg fanga opp, sjølv om den ikkje kan reknast som spesielt velutvikla her.
Aure	Todalen	Tilsvarande store og dels rike og gamle kystnære lauvskogsmiljø som det undersøkte området i ytre delar av Todalen er ein del av, er ikkje verna hittil i Sør-Noreg. Det er verna svært lite gammal kystnær lauvskog i Møre og Romsdal, og det vesle som finst av verna edellauvskog ut mot kysten er stort sett ikkje så velutvikla som her.
Aure	Bergeneset	Området inneheld ein del både av rik edellauvskog og eldre kystnær furuskog i fjordlier som det hittil er verna lite av i fylket.
Aure	Stabblandet	Det er hittil ikkje verna så store og rike edellauvskogsmiljø i ytre fjordstrøk på Nordmøre (men nokre minst like bra er verna på Sunnmøre).
Halsa	Henna	Tilsvarande fattige til halvrike lauvskogsmiljø må seiast å vera fanga opp i ein del av verneområda i fylket.
Norrdal	Saufonna	I det minste innanfor landskapsvernområdet i Geiranger er det fanga opp betre edellauvskogsmiljø enn her.
Norrdal	Heggurda	Tilsvarande klimatisk gunstige rike edellauvskogsmiljø i indre fjordstrøk ser ikkje ut til å vere verna som naturreservat på Sunnmøre, og helst heller ikkje på Nordmøre (reservata i Eikesdalen fangar dårleg opp dei mest varme-

Kommune	Namn	Vurdering
		kjære edellauvskogane). Innanfor landskapsvernområda i Geiranger kan det derimot finnast mindre areal av same kvalitet, men kanskje ikkje over så store areal og så velutvikla som her. I Eikesdalen er det nok også areal i landskapsvernområdet som er om lag like velutvikla og minst like store.
Norrdal	Linge vest	Det er hittil ikkje verna noko av dei rike kalkfuruskogane i Storfjorden. Ein kalkrik furuskog på Nordmøre med noko av dei same kvalitetane er nyleg verna (Rottåsberga i Tingvoll).
Stranda	Oaldsbygda	Allereie del av landskapsvernområde, som har større areal av same kvalitetar i andre delar. Til dels finst det også tilsvarende rik edellauvskog innanfor naturreservat i fylket.
Stranda	Nedre Ovrå	Helst har fleire verneområde på Sunnmøre nokre av dei same kvalitetane og da over større areal og betre utvikla enn her.
Stordal	Gråura	Det er hittil i liten grad verna gammal lauvskog som naturreservat i nordvendte fjordlier i fylket. Derimot finst truleg noko slik skog innanfor landskapsvernområde.
Stordal	Hove	Tilsvarende og dels betre utvikla edellauvskog finst allereie innanfor reservatet rett inntil denne lokaliteten. Elles er det i liten grad verna denne typen svært rik og varmekjær edellauvskog i fjordstrøk i fylket.
Surnadal	Telstad	Tilsvarende fattige til halvrike lauvskogsmiljø må seiast å vera fanga opp i ein del av verneområda i fylket.
Surnadal	Hommelstad	Tilsvarende rik oreskog er generelt dårleg fanga opp innanfor verneområda i fylket. Det finst derimot fleire område med like mykje og betre utvikla edellauvskog innanfor reservata.
Surnadal	Grytåa	Bekkekløftmiljø og gamle, styva almetre som finst her er nokså dårleg fanga opp i verneområda i fylket, men eit ganske likt område er verna litt lenger opp i dalføret (Svorkalia).
Sykkylven	Søvik nord	Varmekjære og/eller kystnære kjeldelauvskogar er generelt svært dårleg fanga opp innanfor verneområda i fylket. Berre små fragment er kjent og, ingen tilsvarende velutvikla eller store som her.



Figur 4.5. Frodig og fuktig feltsjikt innanfor kjeldelauvskogen ved Søvik i Sykkylven kommune, ein sjeldan og samtidig truga skogtype som er dårleg fanga opp innanfor dei verneområda som hittil er oppretta i Møre og Romsdal. Foto: Dag Holtan.

5 Kunnskapsnivå og kunnskaps- hol

5.1 Kartleggingshistoria

Kunnskapen om det biologiske mangfaldet i edellauvskogane i Møre og Romsdal har bygd seg gradvis opp gjennom tidene, i fyrste rekkje dei siste 40 åra. Spreidde undersøkingar har det vore heilt attende til 1800-talet, men dei fyrste noko meir systematiske undersøkingane med særleg fokus på edellauvskogar kom med Korsmo (1975) sine kartleggingar på 70-talet. Han fokuserte hovudsakleg på grove inndelingar i vegetasjonstypar og av artar avgrensa han seg til karplantefloraen. I alt undersøkte han 52 lokalitetar, der 29 fekk ei nærare omtale.

Det neste viktige løftet kom med verneplanen for edellauvskog i Møre og Romsdal (Bugge 1993). Til grunn for denne låg undersøkingar av rundt 160 lokalitetar ganske jamt fordelt over heile fylket. Også her var det vegetasjonstypar og karplanteflora som hadde det største fokuset, men også fugl vart trekt inn i nokon grad. I tillegg vart det lagt noko meir vekt på metode for verdivurderingar her.

Dei siste 20 åra har det ikkje vore utført nokre samla fylkesvise undersøkingar av edellauvskog, men derimot har alle kommunar i fylket utført naturtypekartleggingar i minst ein runde og mange stader også med supplement dei siste åra. Eit stort tal nye edellauvskogar har vorte undersøkt på denne måten, samt at mange av dei tidlegare kjente har blitt grundigare registrert. Det er i tillegg grunn til å merke seg at forutan vegetasjon og karplanter har det under desse kartleggingane vorte registrert mykje sopp og lav, og stadvis også litt mosar og virvellause dyr.

I tillegg til dette har det vorte gjort ein del meir avgrensa, men viktige undersøkingar i nyare tid, som ytterlegare har betra kunnskapsnivået. Det er her særleg grunn til å trekkje fram dei etter kvart årlege sopptreffa i Eikesdalen arrangert av soppforeininga Risken, og omfattande friviljuge undersøkingar av soppinteresserte andre stader i fylket, ikkje minst i Storfjorden på Sunnmøre. Dette har resultert i ei rad rapportar og også fleire fagartiklar om artsmangfaldet i m.a. edellauvskogane.

Mindre, men likevel nyttige supplement har også kome på andre måtar, Nemnast kan t.d. undersøkingar av dei verna edellauvskogane i fylket som grunnlag for skjøtselsplanar for dei, undersøkingar av m.a. flaggermus fleire stader i fylket og insekt i Sunndal og Nesset (Eikesdalen), samt ei eiga utreining om haustingsskogane i fylket (som i stor grad er opphavlege edellauvskogar) (Jordal 2011).

5.2 Kor mykje veit vi no?

Utbreiing/areal: Vi må etter kvart seiest å ha ein ganske god generell oversikt over kor edellauvskog finst i fylket og kor mykje det er, sjølv om dette i avgrensa grad er satt opp statistisk eller vist på kart. Særleg utgjer nok Naturbase ei viktig kjelde til dette. Når ein går meir detaljert inn i datagrunnlaget så vert det gradvis svakare. Ofte er naturtypelokalitetane ein mosaikk der edellauvskog utgjer ein meir eller mindre viktig del, slik at ein må bruke arealdata forsiktig. I kommunar med lite edellauvskog bør det vere håp om at ein stor del av førekomstane er kartlagde, men særleg innanfor store og viktige edellauvskogskommunar må ein rekne med at ein del lokalitetar hittil ikkje har vorte prioriterte for kartlegging. Dette gjeld nok særleg små og mindre verdifulle lokalitetar, men undersøkingane i 2010 syner også at store lokalitetar av høg verdi ikkje har vore fanga opp tidlegare. Framleis er det god grunn til å rekne med viktige manglar. Dette gjeld nok ikkje minst i kommunar som Nettet og Sunndal på indre Nordmøre, med vestsida av Eresfjorden i Nettet som eit aktuelt døme. Ytre delar av Vinjefjorden i Aure er eit anna døme på ei stor li som truleg også inneheld noko edellauvskog som ikkje er kartlagd.

Typar: Det aller meste av edellauvskogen i fylket er kartlagd etter systema i DN-handbok 13 og Fremstad (1997) sitt system for vegetasjonstypar. Det er grunn til å tru at vi med grunnlag i dette har ganske god oversikt over korleis edellauvskogane fordeler seg etter desse to systema. Ikkje noko er kartlagd etter det nye NiN-systemet. Dette liknar for edellauvskogane ein god del på Fremstad (1997) sitt system, og mykje kan nok direkte avleiast frå tidlegare kartleggingar. Eit mindre unntak kan vere kjeldelauvskogar, sjølv om også desse i nokon grad er konkret nemnt for mange område. Eit viktigare unntak er nok dei mest kalkrike utformingane, som Fremstad (1997) sitt system fangar dårleg opp. Med undersøkingane av marklevande sopp i edellauvskogar i fylket dei siste 10 åra, bør det likevel også vere grunnlag for å gje ei ganske god vurdering av desse. Kartleggingane har hittil lagt lite vekt på viktige miljøvariablar i edellauvskog som tilstand og førekomst av livsmiljø. Nyare inngrep og innslag av gamle tre og daudt trevirke er nok ofte skildra under naturtypekartleggingane, men på ein lite systematisk måte. Vi kan nok utleie ein del frå desse kartleggingane, samt med grunnlag i førekomst av gode indikatorartar på ulike livsmiljø og miljøtilstandar, men her står det nok likevel att mykje å gjerna.

Artsmangfald: Når det gjeld artsnivå, så veit vi ganske mykje om kva slags karplantar som veks i edellauvskogane i fylket og deira utbreiing. Her står det mest att detaljar. Det same gjeld i stor grad for fuglelivet, medan det er meir fragmentarisk for andre virveldyr (sjølv om det har vore gjort ein del undersøkingar av viktige grupper som flaggermus dei seinare åra). For sopp har det vore ei stor oppbygging av kunnskap dei siste ti åra, særleg gjennom dei årlege treffa i Eikesdalen og kartleggingane i Storfjorden. Vi byrjar truleg å få ei viss oversikt over kva slags artar som finst i edellauvskogane våre for denne store organismegruppa, sjølv om det opplagt framleis står att å finne mange artar. For ein god del artar har vi også ei

nokså klar formeining om utbreiinga og kor vanlege dei er, men her står det nok att noko meir før oversikten kan reknast som god. Marklevande sopp er nok også generelt noko betre kjent enn vedlevande sopp, og for dei marklevande er det nok skivesopp og da mykhorizasopp som er best kjent. Vi veit etter kvart også ein del om lavartane i edellauvskog, og for fleire artar er utbreiinga ganske godt kjent. Det gjeld i fyrste rekkje ein del bladlav, medan vi for mange og store slekter av skorpelav har dårleg til svært dårleg oversikt. Det er særleg blant lungenever-samfunnet og nokre slekter skorpelav knytt til gammalskog som oversikta er god, medan t.d. glattbarksartar av skorpelav gjennomgåande er lite undersøkt. Også for lav skil Eikesdalen seg positivt ut, med einskilde målretta undersøkingar i nyare tid. Kunnskapen om mosane er gjennomgåande svak, sidan få folk har arbeidd spesielt med desse i nyare tid her i fylket. Einskilde har heilt i det siste (særleg Perry Larsen og dels John Bjarne Jordal) byrja å få opp kompetansen på denne gruppa, men framleis står det mykje att med å få oversikt over utbreiinga til mange artar. Vi veit nok meir med grunnlag i generell litteratur om kva slags moseartar som finst. For virvellause dyr er kunnskapen generelt dårleg. Det er få artar vi har god oversikt over utbreiinga til, og for mange store slekter kjenner vi også dårleg til kva slags artar som finst. Det har vorte gjort lite undersøkingar, og da lokalisert særleg til nokre dalføre som Eikesdalen og Sunndalen, dels også Storfjorden og Sunndalsfjorden.

5.3 Prioriteringar framover

Kor: Truleg får ein flest nye lokalitetar ved ei kartlegging i noko svakt undersøkte kommunar som samtidig har ein del edellauvskog, som Nettet og Sunndal på Nordmøre. Ny kunnskap om edellauvskogane i fylket bør ein få ved å undersøke betre i dei klimatisk mest gunstige fjordliene, som i Geirangerfjorden og indre delar av Sunndalsfjorden, samt på kalkrik berggrunn som rundt Stangvika i Surnadal.

Kva: For naturtypar i edellauvskog er det nok kartlegging etter NiN-systemet, og da kanskje ikkje minst førekomst av ulike livsmiljø og tilstandstypar, men også grunntypar innan kjeldelauvskogar og kalkrike fastmarksskogar. For organisme-grupper er det særleg dei virvellause dyra vi veit for lite om, men det hadde også vært ønskeleg med meir kunnskap om m.a. skorpelav og mosar.

Korleis: Heving av kunnskapsnivået kan skje på ulike vis. Vidareføring av dei kommunale kartleggingane vil kunne heve den generelle kunnskapen om utbreiinga, samt også gje noko ny kunnskap om ulike NiN-typar og organismegrupper. I tillegg må det nok til meir grundige og målretta undersøkingar. Dette gjeld ikkje minst særskilte studium av mangelfullt kartlagde organismegrupper, men også for å få betre kjennskap til skogområda sin variasjon innanfor NiN-systemet. Nokre av undersøkingane kan godt gjerast i etablerte verneområde, men det vil også være naudsynt å kartlegge meir utanfor desse areala.

6 Kjelder

Artsdatabanken 2010. Artskart. <http://artskart.artsdatabanken.no/>

Bugge, O.-A., 1993. Utkast til verneplan for edellauvskog i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga, rapport nr. 10-1992: 117 s.

DN 2005. Prioriterte skogtyper i et utvidet skogvern. Brev av 14.11.2005 til Miljøverndepartementet. 3 s.

Direktoratet for naturforvaltning 2007a. Naturfaglige registreringer i skog: Mal for metodikk og rapportering. Direktoratet for naturforvaltning, upublisert, februar 2004. 9 s. (revidert juni 2007).

Direktoratet for naturforvaltning 2007b. Kartlegging av naturtyper - Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13 2.utgave 2007.

Framstad, E., Blindheim, T., Erikstad, L., Thingstad, P.G. & Storeid, S.-E. 2010. Naturfaglig evaluering av norske verneområder. – NINA Rapport 535. 214 s.

Fremstad E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.

Gaarder, G., 1992. Veg til Tjeldbergodden. Temarapport Flora, Fauna og Naturvern. ØKOMOD rapport 1992: 6. 121 s.

Holtan, D. & Larsen, P. 2010. Jordboende sopper som kvalitetsindikator på unike furuskoger. Agarica 29.

Jordal, J. B. 2011. Styvingstrær og høstingsskog i Møre og Romsdal. Utbredelse, artsmangfold, påvirkning og forvaltning. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga, rapport 2011:06, 55 s.

Klepsland, J. T., Thylen, A. & Blindheim, T. (red.) 2011. Naturfaglige registreringer av edelløvsog og rike blandingskoger i Telemark og Aust-Agder 2009-2010. Biofokus-rapport 2011-11. 49 s.

Kålås, J. A., Viken, Å., Henriksen, S. & Skjelseth, S. (red.) 2010. Norsk rødliste for arter 2010. Artsdatabanken, Norway.


Korsmo, H., 1975: Naturvernrådets landsplan for edellauvskogsreservater i Norge. IV. Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Botanisk institutt, Ås-NLH. 204 s.

Korsmo, H. & Svalastog, D., 1997: Inventering av verneverdig barskog i Møre og Romsdal. NINA oppdragsmelding 427. 106 s.

Moen, A. 1998: Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon. Statens kartverk, Hønefoss. 199 s.



Figur 5.1. Grov og gammel almelåg på sørsida av Stabblandet i Aure kommune. Dette er eit både sjeldsynt og biologisk svært interessant element i skogsmiljøa i fylket. Vi fann få slike under våre undersøkingar, og denne her ligg nok for isolert til å vere særleg viktig. I einskilde dalføre i indre strøk, særleg i Eikesdalen i Nesset kommune, er dette derimot noko vanlegare, og der kan ein finn fleire svært truga og internasjonalt sjeldsynte artar (i fyrste rekkje sopp) på desse lægra. Foto: Ulrike Hanssen.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog
Utforming: Gråor-almeskog
Mosaikk:
Feltsjekk: 23.09.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleing: Omtalen er utarbeidd av Dag Holtan 18.11.2010, basert på eige feltarbeid 23.09.2010. Området er ikkje tidligare undersøkt. Det vart nokså fort klart at dette ikkje er den mest interessante skoglokaliteten i fjorden, og det vart derfor ikkje brukt mykje tid i felten.

Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag: Lokaliteten ligg om lag ein km søraust for sentrum i tettstaden Tafjord. Avgrensinga gjeld eit svært bratt og rasutsett område med søraustleg eksponering. Berggrunnen har sure og harde gneisbergartar, med levevilkår for i hovudsak nøysame karplantar. Området ligg elles i sørboreal vegetasjonssone (Sb) og overgangsseksjonen (OC).

Naturtypar/vegetasjonstypar: Det meste av det avgrensa arealet førast til gråor-almeskog F0106, med høgstaude-storbregneutforming, men med mykje open, trivial rasmarek og blokkmark i den nedste delen mot Tafjord Camping. Etter Fremstad (1997) er vegetasjonstypane D5 gråor-almeskog og F1 rasmarek. Under bergrota er det døde gamle tre, både alm (raudlista NT) og

Lok. nr. 39 Taffjord: Saufonna forts.

hengebjørk, med nokså mykje daud, liggande ved nedetter rasmarka. Andre treslag er ask (NT), hassel, morell, osp, rogn og selje.


Artsmangfald: Interessante karplantar er få, men representative for denne høgstaude-storbregneutforminga i fjorden er m.a. krattmjølke, ormetelg, skogburkne, skogsalat, storklokke, stornesle, strandrøyr og vårerteknapp. Hausten 2010 var svært tørr, og det vart derfor ikkje leita mykje etter sjeldsynte soppar. Samstundes er her dårlege levevilkår for kravfulle lavartar og mosar. Alt i alt er her nokså artsfattig.

Påverknad/bruk/truslar: Det er styvd nokre få almetre, og i dei mest tilgjengelege delane er det tidlegare også beita litt med bufe. Ask og morell er truleg kulturspreidde. Grunna rasfaren er det neppe konkrete truslar knytte til bruken av området.

Framande artar: Ingen påvist.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) på grunn av at den er liten og har etter måten få interessante artar. Potensialet for funn av raudlisteartar i høgare kategori vurderast i tillegg som lågt.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep, og det er i skogområde generelt ønskeleg at den får utvikle seg vidare til kontinuitetsskog.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog
Utforming: Rikt hasselkratt
Mosaikk:
Feltsjekk: 15.09.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleing: Omtalen er utarbeidd av Dag Holtan 17.11.2010, basert på eige feltarbeid 15.09.2010. Området er undersøkt ved fleire høve tidlegare, både av Dag Holtan og Perry Larsen, og overlappar dels med naturbaselokaliteten Ytste Furneset (BN00008411). Av praktiske årsaker inkluderast det nye arealet i den eksisterande naturtypelokaliteten etter nykartlegginga og kvalitetssikringa i 2010 (grunna at det er ein del av eit heilskapleg landskap).

Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag: Lokaliteten ligg om lag to km sør for tettstaden Fjørå, ytst i Tafjorden. Avgrensinga gjeld eit lite område nord for Heggurd tunnelen. Berggrunnen har sure og harde gneisbergartar, med levevilkår for i hovudsak nøysame karplantar. Høg frekvens av ras og god eksponering gjer likevel at her er godt med mineralrik næring. Området ligg elles i boreonemoral vegetasjonssone (Bn) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

Naturtypar/vegetasjonstypar: Det meste av det avgrensa arealet førast til F01 rik edellauvskog, utforming F0103 rikt hasselkratt, og vidare (etter Fremstad 1997) til B1 lågurtskog. Karakteristisk

for lokaliteten er dominans av hassel og hengjebjørk, ofte med gamle og grove tre. Andre treslag er alm (raudlista NT og sjeldan), furu, hegg, krossved og selje. Liggande, daud ved er vanleg, og her er samstundes mykje strø.

Artsmangfald: Interessante karplantar tilhøyrande et rikt lågurtsamfunn er slike som breiflangre, fingerstorr, hengjeaks, liljekonvall, lundgrønaks, markjordbær, myske, skogsalat, skogsvingel svarterteknapp, vaniljerot og vårerteknapp. I kantsoner veks det m.a. kantkonvall, lakrismjelt, maurarve og skogskolm. Av sopp kan nemnast tidlegare funn av bleik kantarell (svært talrik), duftsvovelriske (NT, talrik), safranslørsopp (VU), sinoberslørsopp (VU), skrukkeøyre (NT) og svartnande trompetsopp (NT og innergrense i fjorden).

Påverknad/bruk/truslar: Hengjebjørk har tidlegare vorte styvd, og mange av trea er no metertjukke. Truleg har her også vore beita av småfe i si tid. Grunna den høge rasfaren er det neppe konkrete truslar knytte til bruken av området i dag.

Framande artar: Ingen påvist.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at den har rike plantesamfunn, med velutvikla, intakt, gammal og rik edellauvskog og ein del raudlisteartar. Det vektleggast vidare at dette er den viktigaste lokaliteten som er kjent for safranslørsopp, samstundes som den er eit viktig delområde i ein av dei best utvikla og artsrikaste edellauvskogane som er kjent på indre Sunnmøre.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep, og i skogområde er det generelt ønskeleg at den får utvikle seg vidare til kontinuitetsskog.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Kalkskog
Utforming: Tørr kalkfuruskog
Mosaikk:
Feltsjekk: 21.09.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleing: Omtalen er utarbeidd av Dag Holtan 22.11.2010, basert på eige feltarbeid 21.09.2010. Området er undersøkt ved mange høve tidlegare, ofte saman med Perry Larsen. Det ligg mellom dei eksisterande naturtypelokalitetane BN00008410 og 8412. Under arbeidet med nykartlegging og kvalitetssikring av data i Norddal i 2010 går arealet frå alle tre inn i ei større eining (grunna at dei er ein del av eit heilskapleg landskap).

Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag: Lokaliteten ligg om lag midt mellom Linge kai og grenda Linge, på oversida av vegen. Avgrensinga gjeld eit område med mykje furuskog. Berggrunnen har sure og harde gneisbergartar, med levevilkår for i hovudsak nøysame karplantar. Amatørgeologen Tom Jarvik (pers. medd.) nemner også førekomst av kalkspatmineralar. Området ligg elles i boreonemoral vegetasjonssone (Bn) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

Naturtypar/vegetasjonstypar: Det meste det avgrensa arealet først til F0301 tørr kalkfuruskog, som i Fremstad (1997) har nemninga B2a. Her er også små innslag av rikt hasselkratt, særleg i

nedre, sørlege delen. All furuskogen er lågurtskog, medan dei lauvdominerte partia i tillegg har innslag av høgstaude-storbregnevegetasjon. Skogen er i hovudsak gammal, og særleg liggande daud ved er vanleg. Furu er dominerande treslag, med innslag av alm (raudlista NT), ask (NT), hassel, hegg, kristtorn, lind, osp, rogn, rognasal, selje og svartor. Lind er her på si nordgrense når det gjeld frøformeiring, og trea vart skildra allereie midt på 1700-talet av Hans Strøm. I august 2005 vart her av Dag Holtan taksert om lag 30 buskar og tre. Ask og kristtorn vurderast som kulturspreidde, medan svartora er ein del av ein reliktførekømt.

Artsmangfald: Interessante karplantar er få i furuskogen, som ofte har mykje strø og mose, men ein kalkkrevande orkidé som raudflangre er påvist, dessutan lakrismjelt. I lauvskogen vart det funne m.a. breiflangre, fingerstorr, kransmynte, lundgrønaks, myske, sanikkel, skogfaks, skogsalat og svarterteknapp. Mest interessant er likevel funn av den endemiske arten sunnmørsmarikåpe (VU), som veks svært sparsamt ein stad på tørrbakke. Fungaen er undersøkt årleg i bolken 2001-2010, med gode resultat. Beste funnet så langt er den varmekjære, sørlege arten furufiltkjuke (CR, kritisk trua), som i Storfjorden veks på si kjende nordgrense. Andre raudlistearter er ametystkantarell (NT), blågrå vokssopp (EN), fagervokssopp (EN), filtkjuke (VU), furugråkjuke (VU), glattstorpigg (NT), hasselkjuke (NT), koparraud slørsopp (NT) og lurvesøtpigg (NT). Vidare er her leveområde for gråspett og kvitryggspett. Gode bestandar av maurløve er også interessant.

Påverknad/bruk/truslar: Det går ei stor kraftline over området i nedre delen, men denne skal visst fjernast etter at nye liner no er under oppføring andre stader. Spor etter gammal plukkhogst i furuskogen er vanleg, men her har ikkje vore flatehogd. Elles er her einskilde styvde tre, helst hengjebjørk. Konkrete truslar i dag kan kanskje vere planar om hogst.

Framande artar: Berberis er i spreiring i den friskare delen av lauvskogen. Under kraftlina er det opent, og dette fungerer som ein spreingskorridor for platanlønn. Planta gran finst òg, men i lågt omfang.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at den er intakt og artsrik med mykje gammalskog og ein høg del kalkskog, som er ein trua skogtype. Innslaget av raudlistearter er også nok til å gi denne verdien. Særleg vekt leggst på funnet av furufiltkjuke, som er bunde til gammal kalkfuruskog, og som etter kva ein veit har sitt nordiske kjerneområde i Storfjorden.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep, og i skogområde er det generelt ønskeleg at den får utvikle seg vidare til kontinuitetsskog. Platanlønn og gran bør fjernast.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog
Utforming: Rikt hasselkratt
Mosaikk:
Feltsjekk: 20.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleing: Lokalitetsskiltringa er utarbeidd av Geir Gaarder 07.03.2011, med grunnlag i eige feltarbeid 20.10.2010 saman med Kirstin Maria Flynn. Undersøkinga er gjort på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning tilknytt edellauvskogskartlegging i Møre og Romsdal fylke. Som følge av vanskelege vertilhøve (noko vind frå sør og fråver av opplagsplass for båt) vart det ikkje gått i land på lokaliteten, men berre studert frå båten med kikkert (dvs inntil 5-10 meter avstand på det næraste).

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på sørlege delen av Vindsneset, eit lite nes på austsida av Sunnlyvsfjorden, vel 3 km nord for Oaldsbygda. Lokaliteten ligg i ei svakt utforma sørvestvendt gryte, avgrensa av opne berg og småkratt i nordvest, av sjøen i vest, mot fattigare og meir raspåverka skog i sør og meir utydeleg og usikkert mot fattigare skog og berghamre i aust. Berggrunnen er av gneis, som i Storfjorden har vist seg å ha svært varierende kalkinnhald.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Ut frå dominerande tre og buskar er dette eit rikt

hasselkratt (av noko austleg utforming) med lågurtprega feltsjikt med høgt innslag av varmekjære artar.

Artsmangfald: I tresjiktet er det nok mest bjørk, medan det er mykje hassel i busksjiktet. Av andre treslag finst også alm (NT), selje, rogn og gråor. I feltsjiktet veks m.a. krevjande varmekjære artar som skogfaks, lundgrønaks (til dels mykje) og myske, i tillegg til meir typiske høgstaudeartar som brunrot, vendelrot og kranskonvall. Førkomst av storfrytle vitnar om suboseaniske tilhøve.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er i eldre optimalfase til aldersfase. Sunnylvsvfjorden har vore generelt hardt utnytta tidlegare med m.a. geitebeite fleire stader ned ved fjorden (og helst også på Vindsneset). Ein må rekne med at det i periodar har vore omtrent fråver av daudt trevirke her og helst også dårleg med biologisk gamle tre.

Framande artar: Ingen observert korkje i lokaliteten eller i nærleiken.


Del av heilskapleg landskap: Sunnylvsvfjorden har store areal med rik og varmekjær skog, og den avgrensa lokaliteten utgjer ein naturleg del av dette store, heilskaplege landskapet.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi viktig - B, sidan det er til dels rik lågurtskog her, som vil ha stort potensial for kravfulle og raudlista artar, kanskje særleg blant marklevande sopp.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane vil vere å la lokaliteten få ligge i fred, noko ein også må rekne med skjer som følgje av naturtilhøva (fram til ei eventuell flodbølge øydelegg alt).

Artsliste for lokaliteten

Totalt 9 art(er) påvist: hengebjørk, hassel, alm (NT), brunrot, myske, kranskonvall, storfrytle, lundgrønnaks, skogfaks.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog
Utforming: Gråor-almeskog
Mosaikk:
Feltsjekk: 20.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleing: Lokalitetsskilddringa er utarbeidd av Geir Gaarder 07.03.2011, med grunnlag i eige feltarbeid 20.10.2010 saman med Kirstin Maria Flynn. Undersøkinga er gjort på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning tilknytt edellauvskogskartlegging i Møre og Romsdal fylke. Som følge av vanskelege vertilhøve (noko vind frå sør og fråver av opplagsplass for båt) vart det ikkje gått i land på lokaliteten, men berre studert frå båten med kikkert (dvs inntil 5-10 meter avstand på det næraste).

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett sør for Vindsneset, eit lite nes på austsida av Sunnlyvsfjorden, rundt 3 km nord for Oaldsbygda. Lokaliteten ligg i ei bratt vestvendt li, avgrensa av open rasmark og raspåverka skog i nord, sjøen i vest, fattigare skog i sør og meir gradvis mot fattigare skog og berghamre i aust. Berggrunnen er av gneis, som i Storfjorden har vist seg å ha svært varierende kalkinnhald.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Ut frå dominerande tre og buskar er dette ein

raspåverka gråor-almeskog med mykje høgstauder i feltsjiktet, men det kan også vera mindre innslag av rike hasselkratt og lågurtvegetasjon oppe i lia her.

Artsmangfald: I tresjiktet er det nok mest gråor, men også noko alm (NT) og hengebjørk, samt i øvre delar mykje hassel. Av andre treslag finst også selje og rogn. I feltsjiktet veks m.a. krevjande varmekjære artar som svarterteknapp, lundgrønaks og myske, i tillegg til meir typiske høgstaudeartar som brunrot, vendelrot og stornesle. Førekomst av storfrytle vitnar om suboseaniske tilhøve.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er i eldre optimalfase til aldersfase, men mykje er prega av rasaktivitet. Sunnlyvsfjorden har vore generelt hardt utnytta tidlegare med m.a. geitebeite fleire stader ned ved fjorden (og helst også på Vindsneset). Ein må rekne med at det i periodar har vore lite daudt trevirke her og helst også dårleg med biologisk gamle tre.

Framande artar: Ingen observert korkje i lokaliteten eller i nærleiken.


Del av heilskapleg landskap: Sunnlyvsfjorden har store areal med rik og varmekjær skog, og den avgrensa lokaliteten utgjer ein naturleg del av dette store, heilskaplege landskapet.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi lokalt viktig - C, sidan den er ganske liten, nokså raspåverka og utan spesielt gode tilhøve for utprega varmekjære artar.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane vil vere å la lokaliteten få ligge i fred, noko ein også må rekne med skjer som følgje av naturtilhøva (fram til ei eventuell flodbølge øydelegg alt).

Artsliste for lokaliteten

Totalt 10 art(er) påvist: hengebjørk, hassel, alm (NT), stornesle, svarterteknapp, brunrot, vendelrot, myske, storfrytle, lundgrønnaks.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog
Utforming: Rikt hasselkratt
Mosaikk:
Feltsjekk: 06.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleing: Omtalen er utarbeidd av Dag Holtan 23.11.2010, basert på eige feltarbeid 06.10.2010. Området er ikkje tidligare undersøkt.

Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag: Lokaliteten ligg om på nedsida av grenda Ovrå i Storfjorden. Avgrensinga gjeld det bratte partiet nedanfor dyrkamarka. Berggrunnen har sure og harde gneisbergartar, med levevilkår for i hovudsak nøysame karplantar. Området ligg elles i boreonemoral vegetasjonssone (Bn) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Naturtypar/vegetasjonstypar: Mesteparten av det avgrensa arealet førast til F01 rik edellauvskog, og vidare (etter Fremstad 1997) i hovudsak til B1 lågurtskog, sjølv om her er spreidde høgstaudar og storbregnar i friske til fuktige parti. Rundt bekken er det dessutan sporadiske innslag av flaummarksskog (svartor). Hassel og hengjebjørk er dominerande treslag, elles veks her alm (raudlista NT), gran, gråor, hegg, krossved, osp, platanlønn, rogn, selje og svartor. Liggande, daud ved er det svært mykje av, og her er samstundes mykje strø frå kvistar og

lauv. Både for alm, hengjebjørk, osp og svartor vart det registrert trehøgder på opp mot 20 m.


Artsmangfald: Interessante karplantar tilhøyrande lågurtsamfunnet er breiflangre, myske, lundgrønaks, skogsalat og svarerteknapp (sjeldan), med spreidde funn av høgstaudar som kvitbladtistel og skogsvinerot i fuktige parti, dessutan villrips. Hausten 2010 var tørr, og det vart ikkje funne interessante soppar. Samstundes er her dårlege levevilkår for kravfulle lavartar og mosar. Alt i alt er her nokså artsfattig.

Påverknad/bruk/truslar: Her har tidligare vore intensivt beita av småfe, med sterk utarming av plantelivet som resultat. Hengjebjørkene er tidlegare styvde. Det er også etter måten mykje gammalt skrot og søppel i dei øvre delane av teigen, noko som bør ryddast opp i av grunneigarane. På alm og rogn er det beiteskadar frå hjortedyr.

Framande artar: Platanlønn er i sterk spreiding, og er allereie vel etablert på dei friske til fuktige partia, med fleire store, opp til 15 m høge frøtre. Her er også planta einskilde grantre.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) på grunn av at den er liten, har sterkt utarma planteliv, er invadert av platanlønn og truleg berre har eit lågt potensial for funn av raudlisteartar i høgare kategori. Dei største verdiane er helst knytte til førekomsten av gamle hasselkratt og skogstrukturen generelt, med ein høg del gamle og grove tre, inkl. læger.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep, og det er i skogområde generelt ønskeleg at dei får utvikle seg vidare til kontinuitetsskog. Gran og platanlønn bør fjernast.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Gammel lauvskog
Utforming: Gammel bjørkesuksesjon
Mosaikk:
Feltsjekk: 11.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleing: Omtalen er utarbeidd av Dag Holtan 22.11.2010, basert på eige feltarbeid 11.10.2010 saman med Perry Larsen. Området er ikkje tidligare undersøkt.

Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag: Lokaliteten ligg om ved utløpet av Stordalselva, og er ei bratt, nordvendt skråning som ligg på lausmassar. Berggrunnen har sure og harde gneisbergartar, med levevilkår for i hovudsak nøysame karplantar. Området ligg elles i sørboreal vegetasjonssone (Sb) og klart oseanisk vegetasjonssesksjon (O2).

Naturtypar/vegetasjonstypar: Mestedelen av den avgrensa teigen kan førast til gammal bjørkeskog, sjølv om det førebels ikkje er snakk skog med svært lang skogleg kontinuitet, og vidare (etter Fremstad 1997) til A4 blåbærskog og A5 småbregneskog. For småbregneskogen er det flekkvis mykje av storfrytleutforming, og her er også døme på svakt utvikla høgstaude-storbregneskog på friskare parti. Bjørk er dominerande treslag, med flekkvis overraskande høgt innslag av hasselkratt. Andre treslag er alm (raudlista NT), ask (NT), gråor, hegg, osp, platanlønn,

rogn, selje, spisslønn og svartor. Alm står heilt oppe under bergrota, og det er ikkje fleire enn 10-12 tre. Liggande, daud lauvved er utbreidd i dei sentrale og øvre delane av lia, særleg for bjørk og osp. For osp vart det også registrert ein del grove høgstubbar.

Artsmangfald: Karplantefloraen er nokså trivial, med funn av representative artar for vegetasjonstypen som broddtelg, fugletelg, hengjeveng, myske, skogburkne, skogsalat, skogstjerneblom, skogsvinerot, smørtelg, strutsveng (sjeldan) og teiebær. Funn av bruntelg er kan hende litt interessant, men det er lite som tydar på at denne varianten av sauetelg er særleg kravfull. Hausten 2010 var tørr, og det vart ikkje funne interessante soppar (det forventast heller ikkje). Samstundes er her tydeleg ikkje dei beste levevilkåra for kravfulle lavartar eller mosar. Mest interessant er spreidde funn av lungenever og skrubbenever, medan det mellom oseaniske, utbreidde moseartar kan nemnast fjordtvibladmose, fleinljåmose, heimose (beste funn), kystjammemose, kystkransmose, småstyle, storhoggtann og tråddraugmose. Full artsliste for mosane ligg på <http://www.artsobservasjoner.no/>. Her er også ein del av leveområdet til kvitryggspett.

Påverknad/bruk/truslar: Tidlegare har beiting og veding truleg vore den viktigaste påverknaden. Det er etter måten store beiteskadar på rogn, som skuldast hjort. Største trugsmålet i dag er truleg spreining av gran, samt hogst og treslagskifte.

Framande artar: Sidan teigen er omkransa av granplantingar, er det viss spreining inne i det avgrensa arealet. I friske og fuktige parti har det kome opp ein del platanlønn, medan spisslønn er meir fåtalig.

Verdivurdering: Sjølv om her tidligare både har vore beita og vore noko vedhogst, står området likevel fram som ein intakt naturskog i eit intensivt drive landskap. Lokaliteten får under litt tvil verdi B (viktig) på grunn av at den har ein del kvalitetar bundne til førekomst av gammal hassel og eldre naturskog. Det forventast ikkje funn av kjende raudlisteartar i høgare kategori, kan hende med unntak for insekt eller vedbuande soppar.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep, og det er i skogområde generelt ønskeleg at dei får utvikle seg vidare til kontinuitetsskog. Framande treslag bør fjernast.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog
Utforming: Rikt hasselkratt
Mosaikk:
Feltsjekk: 11.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleing: Omtalen er utarbeidd av Dag Holtan 24.11.2010, basert på eige feltarbeid 11.10.2010 saman med Perry Larsen. Området er tidlegare undersøkt av oss ved fleire høve etter 2005.

Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag: Lokaliteten ligg om lag ein km nord for kommunesenteret i Stordal, ovanfor bustadfeltet "Hovsli", og avgrensinga gjeld ei nokså bratt, sørekspontert li. Berggrunnen har sure og harde gneisbergartar, med levevilkår for i hovudsak nøysame karplantar. Her må likevel vere god tilgang på mineralrik næring, då plantelivet er nokså rikt. Området ligg elles i boreonemoral vegetasjonssone (Bn) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Naturtypar/vegetasjonstypar: Heile det avgrensa arealet førast til F01 Rik edellauvskog, utforming F0103 rikt hasselkratt, og vidare (etter Fremstad 1997) til B1 lågurtskog av B1b oseanisk låglandsutforming. Rik og tørr, og i dag sterkt kulturpåverka lågurtskog, karakteriserer heile det avgrensa området, med spreidde høgstaudar i friskare parti. Hassel og hengjebjørk er

dominante, med innslag av alm (raudlista NT), ask (NT), hegg, gråor, morell, platanlønn, osp, rogn, selje og spisslønn. Det er helst i dei midtre og øvre delane at det er innslag av gamle tre og grove hasselkratt, og for alm vart det påvist eit tre på meir enn 20 m høgd og ca. 110 cm i tverrmål. Ask med tverrmål 40-50 cm er vanleg. Liggande, daud ved og strø frå kvist og lauv er også utbreidd.


Artsmangfald: Karplantar tilhøyrande lågurtsamfunnet er slike som bergfaks (heilt i vest), breiflangre, hengjeaks, kransmynte, liljekonvall, markjordbær, myske, lundgrønaks (ofte dominant), sanikkel, skogfaks (berre heilt i vest) og skogsalat. Hausten 2010 var svært tørr, og det vart ikkje funne interessante soppar (men det forventast, då mange slike veks inne i naturreservatet på vestsida av området). Samstundes er her tydeleg ikkje dei beste levevilkåra for kravfulle lavartar, medan det for mosar vart påvist ein lite kjent art som kalklommemose.

Påverknad/bruk/truslar: Tidlegare har her truleg vore eit nokså intensivt beitetrykk, men dette er det slutt på no. Hogst og treslagskifte, dessutan spreiring av framande treslag, er viktige truslar.

Framande artar: Platanlønn dominerer i dag dei nedre delane av lia, og også spisslønn er i sterk spreiring her. Teigen er omkransa av granplantingar mot sør og aust, og denne spreier seg også noko.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at den framleis har gode kvalitetar knytte til ein rik lågurtvegetasjon. Potensialet for funn av sjeldne og raudlista soppar, og dessutan førekomsten av ein regionalt sjeldsynt art som bergfaks, vektleggast også.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep, og det er i skogområde generelt ønskeleg at dei får utvikle seg vidare til kontinuitetsskog. Framande treslag bør fjernast.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Gammel fattig edellauvskog

Utforming: Hasselkratt

Mosaikk: Totalt 6 naturtype(r) registrert: Gammel fattig edellauvskog F02 - Hasselkratt F0204 (%), Gråor-heggeskog F05 - Flommarksskog F0501 (%), Rik sumpskog F06 - Rik sumpskog F0601 (%), Gammel lauvskog F07 - Gammel bjørkesuksesjon F0702 (%), Gammel lauvskog F07 - Gammelt ospesholt F0701 (%), Gråor-heggeskog F05 - Liskog/ravine F0502 (%).

Feltsjekk: 26.07.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleiing: Omtalen er utarbeidd av Dag Holtan 24.11.2010 basert på eige feltarbeid 26.07.2010 saman med Perry Larsen. Området er ikkje undersøkt tidligare.

Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved grenda Søvik, ved Storfjorden aust i Sykkylven kommune. Avgrensinga gjeld ei nokså bratt, austeksponert li ned mot fjorden.

Berggrunnen har sure og harde gneisbergartar, med levevilkår for i hovudsak nøysame karplantar. Området ligg elles i sørboreal vegetasjonssone (Sb) og klart oseanisk vegetasjonssesjon (O2).

Naturtypar/vegetasjonstypar: Her er mange ulike natur- og vegetasjonstypar, og det er ikkje gjort nokon freistnad på å berekne prosentdelen for dei ulike typane. I dei nedre delane, mest mot sør, er det til dels svært gamle, fattige hasselkratt (F0204), ofte med innslag av grovvaksen bjørk.

På frisk til fuktig mark er det oppslag av gråor-heggeskog (F0501/0502), med rikare sumpskog (F0601) på meir overrisla mark. Øvst oppe er det i tillegg både gamle ospeholt (F0701) og ein del gammal bjørkeskog (F0702). Hassel er utbreidd i heile området. Gamle og grove tre er vanlege, og det same gjeld for liggande, daud ved, ofte i grove dimensjonar. Småbregneskog (A5a) og høgstaude-storbregneskog (C1b, C1c) er vanlegaste vegetasjonstypar, meir spreidd er det også noko utarma lågurtvegetasjon, medan blåbærskog og rik sumpskog (E4) kjem inn på høvelege stader. Av treslag vart det registrert bjørk, gran, gråor, hassel, hegg, osp, platanlønn, rogn, selje og svartor.



Artsmangfald: Mest interessant og eit svært overraskande plantefunn var ein god bestand av kystmaigull etter et bekkedar og i sumpskog. Funnet er ein utpostlokalitet i høve til hovudutbreiinga på ytterkysten. Elles kan nemnast bruntelg, enghumleblom, grov nattfiol, jordnøtt, kranskonvall, kvitbladtistel, mannasøtgras, ramslauk (talrik, og ein utpostlokalitet), skogburkne, skogsalat, skogsnelle, skogsvinerot, smørtelg, storfrytle, sumphaukeskjegg (i mengder i rik sumpskog), sumpkarse og trollurt. Hausten 2010 var tørr, og det vart ikkje funne interessante soppar (det forventast heller ikkje, kan hende med unntak for artar bundne til daud ved). Samstundes er her tydeleg ikkje dei beste levevilkåra for kravfulle lavartar, med einskilde funn av lungenever og skrubbenever. Dronningmose er svært vanleg i skuggefulle, fuktige parti. Full artsliste for mosane ligg på <http://www.artsobservasjoner.no/>, men det er helst vanlege og vidt utbreidde artar.

Påverknad/bruk/truslar: Særleg den sørlege delen ser ut til å ha vore intensivt beita tidlegare, med eit nokså utarma planteliv, men dette er det slutt på no. Dagens truslar er knytte til spreing av gran og platanlønn, og eventuelt fysiske inngrep som drenering, hogst og treslagskifte.

Framande artar: Platanlønn er i spreing i dei nedre delane mot sør, medan gran veks hist og her.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at den er stor og intakt, med mykje gammalskog og mange ulike natur- og vegetasjonstypar. Førekomsten av kystmaigull og rik sumpskog i nedre delen vektleggast også høgt. Denne skogtypen er sjeldan på Sunnmøre, og særleg gjeld det for den uvanleg gode og representative utforminga som ein finn her.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep, og det er i skogområde generelt ønskeleg at dei får utvikle seg vidare til kontinuitetsskog. Framande treslag bør fjernast.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog
Utforming: Rikt hasselkratt
Mosaikk:
Feltsjekk: 26.08.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Geir Gaarder 28.02.2011, med grunnlag i eige feltarbeid 26.08.2010. Undersøkinga er gjort på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning tilknytt edellauvskogskartlegging i Møre og Romsdal fylke.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg oppe i den sørvendte lisida ved Telstad, rundt 2 kilometer nordaust for Skei, kommunesenteret i Surnadal. Lokaliteten er nokså skarpt avgrensa mot hogstflate/ungskog i aust, traktorveg og mer påvirka skog i sør, og meir utydeleg mot gradvis fattigare skog i vest og nord. Berre ein og annan låg bergvegg ligg innanfor lokaliteten. Berggrunnen er av glimmerskifer, som stadvis i distriktet kan gi utslag i ganske kravfull flora, noko som i liten grad er tilfelle her.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Som naturtype virker rike hasselkratt å vere eit riktig val, da arten er dominerande i busk- og lågare tresjikt. Vegetasjonstypar er for det meste svak lågurtskog, i små parti overgang mot rikare lågurtmark eller fattigare småbregne- og

blåbærskog, dels mot høgstaudeskog, og tendensar til meir vekselfuktige (svakt kjeldeprega) miljø. Det finst elles fragment av gråor-heggeskog.

Artsmangfald: Forutan hassel er det mest boreale treslag som rogn, bjørk, gråor, trollhegg og dels osp og furu her. Også alm (NT) vart så vidt påvist, med eit ganske ungt tre. Feltsjiktet er ikkje særleg rikt, men lokalt og sparsamt førekjem varmekjære, noko kravfulle artar som myske og lundgrønaks. Også breiflangre og truleg vårmarihand vart så vidt funnen. Andre artar var m.a. skogsvinerot. Elles mest vanlege lågurtartar som skogfiol, hengeaks og markjordbær. Det var sparsamt med sopp i skogen på undersøkelsestidspunktet, men m.a. enkelte stanksopp, gulnande slørsopp og stankkremle vart funne, medan potensialet for meir kravfulle marklevande sopp blir vurdert som svakt. Lungenever-samfunnet mangla stort sett på trea, medan det vart funnen ein del hasselrurlav (NT) på enkelte hasselstammar.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er for det meste i ung til eldre optimalfase og ber preg av at det meste av tresjiktet vart hogd ut for nokre ti-år sidan, medan busksjiktet i større grad vart ståande att. Spreidde eldre tre finst og eit og anna læger, men generelt er det dårlig med gamle og store tre og dautt trevirke.

Framande artar: Det er planta litt gran i nærleiken.

Del av heilskapleg landskap: Det fins ein del rik og varmekjær lauvskog i dalsidene i Surnadal, men ikkje så mykje velutvikla hasselkratt. Lokaliteten vert difor vurdert til i liten grad å vere del av noko heilskaplet landskap.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdien lokalt viktig - C. Dette fordi han ikkje er spesielt stor, ganske dårleg utvikla, berre med sparsam førekomst av eit par ganske vanlege raudlisteartar og svakt potensial for fleire slike artar.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er å la lokaliteten få ligge i fred for inngrep i framtida, med unntak av fjerning av framande artar (som norsk gran) som måtte vandre inn.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 9 art(er) påvist: hassel, alm (NT), trollhegg, skogsvinerot, myske, bredflangre, lundgrønnaks, gulnande slørsopp, Thelotrema sueticum (NT).



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Høstingsskog

Utforming: Varmekrevende, frisk, næringsrik høstingsskog med styvingstrær av edellauvtrær (alm, ask, lind)

Mosaikk:

Feltsjekk: 15.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleiing: Lokalitetsskiltringa er utarbeidd av Geir Gaarder 04.03.2011, med grunnlag i eige feltarbeid 15.10.2010 saman med Kirstin Maria Flynn. Undersøkinga er gjort på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning tilknytt edellauvskogskartlegging i Møre og Romsdal fylke.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg langs elva Gryta ved Dønnyn, dvs rundt 2 kilometer nordaust for Fiskja i Surnadal. Lokaliteten grenser ganske skarpt mot dyrka mark i aust, mot elva i vest, samt fråver av styvingstre og anna varmekjær skog i nord og sør. Det er litt tendensar til flaummarksskog her, med ein del halvstor stein, men det er tydeleg sjeldan at elva kjem så høgt opp. Berggrunnen er av biotittskifer, som stadvis i distriktet kan gi utslag i ganske kravfull flora.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Mange av almetrea har vore styva, slik at haustingsskog er eit naturleg val som naturtype. Ut frå vegetasjonen i feltsjiktet er det prat om ein

gråor-almeskog.

Artsmangfald: I tresjiktet er det ein del alm (NT) og mest gråor, samt sparsamt med andre boreale lauvtre. Feltsjiktet er ikkje særleg rikt, men har fleire typiske oreskogsartar som strutseving, skogstjerneblom og skogsvinerot. Av større interesse var sparsam førekomst av skorpelavane almélav (NT) og blådoggnål (VU) på alm.

Bruk, tilstand og påverknad: Mange av almetrea ber preg av å ha vore styva inntil for nokre ti-år sidan. Eit av trea hadde tydeleg holrom og eit par andre tendensar til det same. Dimensjonane på trea var derimot meir moderate. Oreskogen var i sein optimalfase til tidleg aldersfase, med innslag av daudt trevirke, men ikkje mykje.

Framande artar: Det er planta litt gran tett inntil, særleg i sør.


Del av heilskapleg landskap: Det finst ein del styvingsalm oppover Surnadalen, og eit av dei viktigaste områda er mellom Fiskjaliane og opp mot Børset. M.a.o. ligg denne førekomsten ved Dønnyn ganske sentralt plassert innanfor dette området.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi viktig - B. sidan det er ein ganske litan, men brukbart utvikla haustingsskog, som ikkje vert halden i hevd lenger, men likevel har førekomst av fleire kravfulle og raudlista artar.

Skjøtsel og hensyn: Det er særleg viktig å unngå hogst av alm og treslagsskifte til gran. Forsiktig hogst av andre lauvtreslag kan vera positivt, men ein bør også ta vare på noko gammal or og rogn. Det hadde vore klart positivt om lauinga av almetrea vart teken opp att.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 8 art(er) påvist: strutseving, alm (NT), stornesle, skogstjerneblom, skogsvinerot, lønnekjuka, almélav (NT), blådoggnål (VU).



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Bekkekløft og bergvegg

Utforming: Bekkekløft

Mosaikk:

Feltsjekk: 15.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleiing: Lokalitetsskiltringa er utarbeidd av Geir Gaarder 04.03.2011, med grunnlag i eige feltarbeid 15.10.2010 saman med Kirstin Maria Flynn. Undersøkinga er gjort på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning tilknytt edellauvskogskartlegging i Møre og Romsdal fylke.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg langs elva Gryta ved Dønnøyn, dvs rundt 2 kilometer nordaust for Fiskja i Surnadal. Elva dannar ei trong, lita kløft på vegen ned den sørvendte lia, og avgrensa lokalitet omfattar det aller meste av denne. Grensane er ganske skarpe mot kanten av kløfta i aust og vest, samt opphør av kløftmiljø i sør og dels nord (her fører også ei høgspenline til at lokaliteten ikkje går høgare opp i lia). Det er ein del bergveggar i kløfta, men ikkje så mange loddrette. Derimot er det meir preg av rasmark/bratte flåg og i parti er kløfta så trong i botnen at ein ikkje kjem fram der når det renn noko vatn i elva. Berggrunnen er av biotittskifer, som stadvis i distriktet kan gi utslag i ganske kravfull flora, men berre i svak grad her.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Dette er ikkje noko stor, men ganske velforma

bekkekløft, av ein type som finst fleire stader i dalføret. Vegetasjonen er gjennomgåande frodig, og det er innslag både av noko gråor-almeskog her (fort vekk 20% av arealet) og høgstaudeskog.

Artsmangfald: I tresjiktet finst alm (NT) fleire stader. Elles er det noko bjørk, gråor, rogn og selje. Feltsjiktet er ikkje særleg rikt, men har fleire typiske oreskogsartar samt også sparsamt med meir varmekjære artar som junkerbregne og springfrø. På eit par grove almetre nedst i kløfta vart både almelav (NT) og blådoggnål (VU) funne, og almelav (NT), kvithodenål (NT) og narrepiggsopp (NT) vaks også på alm lenger oppe i kløfta.

Bruk, tilstand og påverknad: Almetrea helt nedst i kløfta var til dels skikkeleg grove og bar preg av tidlegare styving. Lenger oppe har det nok helst også vore styva alm før, men dette var ikkje særleg tydeleg lenger no. Her var trea av middels grove dimensjonar. Også daudt trevirke av alm vart funne hist og her. Den øvrige skogen var i stor i grad i tidleg aldersfase. Heilt øvst grensar lokaliteten til parti som ber meir preg av hogst i nyare tid, inntil høgspintlina.

Framande artar: Ingen vart funne innanfor lokaliteten, men det er planta gran i nærleiken og m. a. tett inntil grov alm i sørvest.


Del av heilskapleg landskap: Det finst fleire små og tronge bekkekløfter i den sørvendte lia oppover Surnadalen, og avgrensa lokalitet utgjer ein del av dette typiske landskapselementet i dalføret.

Verdivurdering: Lokaliteten får ein ganske klar verdi som viktig - B, og ein skal ikkje heilt utelukke at fleire undersøkingar kan gi grunnlag for enda høgare verdi. Lokaliteten er middels stor og middels godt utvikla som bekkekløft, men den inneheld fleire raudlisteartar og har potensialet for ytterlegare nokre slike, samt har klare verdier knytt til gamle og grove almetre.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er å la lokaliteten få ligge i fred, særleg for alle former for fysiske inngrep og skogsdrift. Vassdragsregulering kan vere negativt, men påviste verdier så langt er ikkje særleg knytt til vassføringa.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 9 art(er) påvist: junkerbregne, alm (NT), maigull, springfrø, storklokke, narrepiggsopp (NT), hvithodenål (NT), almelav (NT), blådoggnål (VU).



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Gammel lauvskog
Utforming: Gammelt ospesholt
Mosaikk:
Feltsjekk: 15.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Geir Gaarder 04.03.2011, med grunnlag i eige feltarbeid 15.10.2010 saman med Kirstin Maria Flynn. Undersøkinga er gjort på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning tilknytt edellauvskogskartlegging i Møre og Romsdal fylke.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett på vestsida av elva Gryta nordvest for Dønnyn, dvs rundt 2 kilometer nordaust for Fiskja i Surnadal. Lokaliteten grenser ganske skarpt mot yngre skog og skog utan gammal osp på alle kantar. Berggrunnen er av biotittskifer, som stadvis i distriktet kan gi utslag i ganske kravfull flora.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Skogen er middels frodig, truleg småbregneskog i overgang mot høgstaudeskog.

Artsmangfald: Tresjakter er dominert av osp. På ospetrea vart einiskilde vanlege arter i lungenever-samfunnet funne, som . Feltsjiktet hadde ein ordinær flora, og truleg er ospelægra litt for unge enno til å vere veksestad for raudlista vedlevande sopp.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er eit lite holt med gamle ospetre i aldersfase til sammenbruddsfase, med innslag av både ospegadd og -læger. Inntil er det ungskog i nord og også ganske ung lauvskog på andre kantar.


Framande artar: Ingen observert.

Del av heilskapleg landskap: Det finst nok gammal osp hist og her i lisidene i dalen, men lokaliteten verkar i liten grad å vere nokon viktig del av eit heilskapleg landskap.

Lok. nr. 4 Dønnyn nordvest forts.

Verdivurdering: Lokaliteten er svært liten og hittil utan funn av spesielt sjeldsynte eller raudlista artar. Den får difor ein grei verdi som lokalt viktig - C.

Skjøtsel og hensyn: Det klart beste for naturverdiane er berre å la lokaliteten få ligge heilt i ro.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Høstingsskog

Utforming: Varmekrevende, frisk, næringsrik høstingsskog med styvingstrær av edellauvtrær (alm, ask, lind)

Mosaikk:

Feltsjekk: 15.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Geir Gaarder 04.03.2011, med grunnlag i eige feltarbeid 15.10.2010 saman med Kirstin Maria Flynn. Undersøkinga er gjort på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning tilknytt edellauvskogskartlegging i Møre og Romsdal fylke.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg like vest for elva Gryta ved Dønnyn, dvs knapt 2 kilometer nordaust for Fiskja i Surnadal. Lokaliteten grenser ganske skarpt mot myr og granplantefelt i sør, samt fråver av styvingstre og anna varmekjær skog i nord og vest, og dels mot bekkekløftmiljø i aust. Den ligg i ei til dels litt bratt sørvendt li, som i parti er noko grunnlendt. Berggrunnen er av biotittskifer, som stadvis i distriktet kan gi utslag i ganske kravfull flora.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Mange av almetrea har vore styva, slik at haustingsskog er eit naturleg val som naturtype. Ut frå vegetasjonen i feltsjiktet er det prat om ein relativt kulturpåverka gråor-almeskog.

Artsmangfald: I tresjiktet er det ein del alm (NT), noko hassel, samt ein del med boreale lauvtre som bjørk og rogn. Feltsjiktet er ikkje særleg rikt, og ingen varmekjære artar vart funne der. Av størst interesse var fleire funn av skorpelavane almelav (NT) og blådoggnål (VU) samt narrepiggsopp (NT) på alm.

Bruk, tilstand og påverknad: Almetrea ber preg av å ha vore styva inntil for nokre ti-år sidan, og fleire av dei var ganske grove og/eller innhole. Dei andre lauvtree hadde mindre storleik og bar

Lok. nr. 5 Dønnyn ved Grythaugen forts.

preg av ein eldre optimalfase.

Framande artar: Det er planta litt gran tett inntil i søraust.



Del av heilskapleg landskap: Det finst ein del styvingsalm oppover Surnadalen, og eit av dei viktigaste områda er mellom Fiskjaliane og opp mot Børset. M.a.o. ligg denne førekomsten ved Dønnyn ganske sentralt plassert innanfor dette området.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi viktig - B. sidan det er ein middels stor, men brukbart utvikla haustingsskog, som ikkje vert halden i hevd lenger, men likevel har førekomst av fleire kravfulle og raudlista artar.

Skjøtsel og hensyn: Det er særleg viktig å unngå hogst av alm og treslagsskifte til gran. Forsiktig hogst av andre lauvtreslag kan vera positivt, men ein bør også ta vare på noko gammal or og rogn. Det hadde vore klart positivt om lauinga av almetrea vart teken opp att.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 4 art(er) påvist: alm (NT), narrepiggsopp (NT), almelav (NT), blådoggnål (VU).



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Gråor-heggeskog

Utforming: Liskog/ravine

Mosaikk: Totalt 3 naturtype(r) registrert: Rik edellauvskog F01 - Gråor-almeskog F0106 (30%), Gråor-heggeskog F05 - Liskog/ravine F0502 (40%), Gråor-heggeskog F05 - Flommarksskog F0501 (10%).

Feltsjekk: 15.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Geir Gaarder 07.03.2011, med grunnlag i eige feltarbeid 15.10.2010 saman med Kirstin Maria Flynn. Undersøkinga er gjort på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning tilknytt edellauvskogskartlegging i Møre og Romsdal fylke.

Lokalisering og naturgrunnlag: Hommelstadbekken danner eit stutt, sørvendt dalføre i Surnadalen mellom Telstad og Mogstad, eit par kilometer nordaust for Skei. Den avgrensa lokaliteten ligg i ei open, sørvendt gryte og strekkjer seg frå bekken og noko opp i lia. Eit par smådalar er danna i lausmassar her, og eit lite bekkesig kjem ned lia, i tillegg til hovudbekken i botn. Det er dels ganske skarp grense mot beitemark og meir påverka skog i sør og sørvest, litt granplanting i vest, og meir gradvis mot fattigare skog i nord og aust. Berggrunnen er av glimmerskifer, som stadvis i distriktet kan gi utslag i ganske kravfull flora.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er noko samansatt, der gråor-

heggeskog er oppført som hovudtype, sidan denne dekker størst areal og truleg er viktigast for samla verdi. Langs Hommelstadbekken er det kantsoner med flaummarksskog, medan det særleg i den vestlegaste smådalen er ein del lisodeutforming av gråor-heggeskog, dels med tydeleg preg av kjeldelauvskog. I tillegg finst det også litt svakt utvekla gråor-almeskog her.

Artsmangfald: Viktigaste treslag er gråor, men det er også noko av andre boreale treslag som hegg, rogn, bjørk og selje. Alm (NT) finst berre ganske sparsamt og det same gjeld også hassel. Feltsjiktet verkar ikkje særleg rikt, med mest vanlege høgstaudeartar. Av særleg interesse var eit par gamle almetre som hadde førekomst av kravfulle skorpelav som almelav (NT), bleik kraterlav (VU) og bleikdoggnål (NT), samt også narrepiggsopp (NT). På gråorlæger som låg meir eller mindre nede i Hommelstadbekken vart det eit par stader funne fakkeltvebladmose (VU). Lokaliteten har eit ganske godt potensial for fleire kravfulle og raudlista artar, både blant lav, sopp og dels mosar.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten har eit litt rotete preg og har nok vore ein god del kulturpåverka tidlegare, noko også beitemarkene inntil vitner tydeleg om. Det meste av skogen har no fått stå i fred i ein del ti-år, og det frodige miljøet fører til at det stadvis er danna ein god del daudt trevirke, særleg i den vestre smådalen. Elles finst det her kulturspor som restar av gamle gjerde innanfor lokaliteten, og dei gamle almetrea har sikkert vore styva tidlegare. Eit par slike vart funne, der det eine også var innholt.

Framande artar: Det er planta litt gran tett inntil i vest.


Del av heilskapleg landskap: Surnadal har relativt mykje gråorskog og ein av dei viktigaste (saman med Sunndal) for bevaring av mangfaldet knytt til slik skog. Dette området ved Hommelstadbekken er ein viktig del av desse førekomstane, og det finst også meir gammal, fuktig lauvskog med gråor oppover langs bekken.

Verdivurdering: Lokaliteten får ut frå ein samla vurdering verdien svært viktig - A. Dette særleg fordi den er ganske stor og har velutvikla gammal gråorskog i lisode (dels preg av kjeldelauvskog) samt også litt flaummarksskog, med tilhøyrande artsamangfald, inkludert ein karakteristisk sårbar art. I tillegg finst det her fleire andre kvalitetar, m.a. nokre gamle almetre med fleire raudlisteartar, og generelt vert potensialet for fleire raudlisteartar vurdert som godt.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er å la skogen få vere i fred for alle typar inngrep. Det einaste unntaket gjeld fjerning av gran og andre framande treslag. Ein bør generelt unngå bruk av motorkjøretøy i lokaliteten, og eventuelt husdyrbeite bør vere ekstensivt og av lite omfang. Også vassdragsregulering er klart negativt.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 6 art(er) påvist: alm (NT), narrepiggsopp (NT), Gyalecta flotowii (VU), almelav (NT), bleikdoggnål (NT), fakkeltvebladmose (VU).



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Gråor-heggeskog
Utforming: Flommarksskog
Mosaikk:
Feltsjekk: 15.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Geir Gaarder 07.03.2011, med grunnlag i eige feltarbeid 15.10.2010 saman med Kirstin Maria Flynn. Undersøkinga er gjort på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning tilknytt edellauvskogskartlegging i Møre og Romsdal fylke.

Lokalisering og naturgrunnlag: Hommelstadbekken danner eit stutt, sørvendt dalføre i Surnadalen mellom Telstad og Mogstad, eit par kilometer nordaust for Skei. Den avgrensa lokaliteten ligg på ei lita flate litt oppe i dalen, mellom to brattare strykparti av bekken. Lokaliteten grenser ganske skarpt mot fråver av flaummarksskog på alle kantar, dvs ein bratt elvebreidd på austsida av bekken, og tørrare skog, dels dominert av bartre, på andre kantar. Berggrunnen er av glimmerskifer, som stadvis i distriktet kan gi utslag i ganske kravfull flora.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Dette er ein ganske typisk liten flaummarksutforming av gråor-heggeskog på litt grove lausmassar. Vegetasjonen er frodig og høgstaudeprega.

Artsmangfald: Gråor er dominerande treslag, og andre artar som furu, rogn og bjørk finst berre sparsamt. Ingen spesielle artar vart funne i feltsjiktet. Deet vart også forgjeves lett etter kravfulle artar på gammal og daud gråor, sjølv om det tydeleg er potensial for slike her.


Bruk, tilstand og påverknad: Skogen her har nok vore utnytta ein del tidlegare, men det må vere nokre ti-år sidan sist. Det er nå ganske gammal oreskog med ein del daudt trevirke, i overgang mellom sein aldersfase og opplausingsfase.

Framande artar: Det er planta litt gran tett inntil i sørvest (ganske gammal og hogstmoden).

Del av heilskapleg landskap: Surnadal har relativt mykje gråorskog og ein av dei viktigaste (saman med Sunndal) for bevaring av mangfaldet knytt til slik skog. Dette området ved Hommelstadbekken er ein del av desse førekomstane, og det finst også meir gammal, fuktig lauvskog med gråor både ovanfor og nedanfor denne førekomsten.

Verdivurdering: Lokaliteten er ganske liten og hittil utan funn av spesielt kravfulle artar. Det er likevel eit potensial for slike, samtidig som skogen er gammal og den ligg plassert tett inntil to andre verdifulle skogsmiljø med gammal lauvskog. Verdien vert difor sett til viktig - B.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er å la skogen få vere i fred for alle typar inngrep. Det einaste unntaket gjeld fjerning av gran og andre framande treslag. Også vassdragsregulering er klart negativt.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming: Gråor-almeskog

Mosaikk: Totalt 3 naturtype(r) registrert: Rik edellauvskog F01 - Gråor-almeskog F0106 (60%), Bekkekløft og bergvegg F09 - Bekkekløft F0901 (25%), Gammel lauvskog F07 - (15%).

Feltsjekk: 15.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Geir Gaarder 07.03.2011, med grunnlag i eige feltarbeid 15.10.2010 saman med Kirstin Maria Flynn. Undersøkinga er gjort på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning tilknytt edellauvskogskartlegging i Møre og Romsdal fylke.

Lokalisering og naturgrunnlag: Hommelstadbekken danner eit stutt, sørvendt dalføre i Surnadalen mellom Telstad og Mogstad, eit par kilometer nordaust for Skei. Den avgrensa lokaliteten ligg i øvre delar av sjølve dalen og har fleire ulike element. I aust dannar bekken ei lita, men tydeleg bekkekløft, med eit fossefall i øvre delar. Vest for denne er det ei til dels bratt, søraustvendt skogslå, medan det heilt i vest er ei lita kløft utan bekk i botn. Lokaliteten grensar skarpt mot meir påverka skog i vest, meir gradvis mot fattigare skog i nord og sør, samt kanten av kløfta i aust. Berggrunnen er av glimmerskifer, som stadvis i distriktet kan gi utslag i ganske kravfull flora.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Det meste av lokaliteten kan nok førast til gråor-almeskog, men det er også meir rein boreal lauvskog i vest og dels også aust. Generelt er vegetasjonen ganske frodig, med ein del høgstaudeskog og noko lågurtskog, men også noko fattigare bregnerik skog.

Artsmangfald: Gråor er eit viktig treslag, men det er mykje alm (NT) i sentrale parti. I tillegg ein del andre boreale artar som bjørk, rogn, selje og osp. Også hassel finst. Det vart ikkje funne spesielle artar i feltsjiktet, berre typiske høgstaudeplanter. På den grove styvingsalma i aust vart berre lønnekjuka funnen, men narrepiggsopp (NT) vart registrert på ganske grov alm i sentrale delar av området.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen her har nok vore utnytta ein del tidlegare, men det må vere nokre ti-år sidan sist. Det meste av skogen er no i aldersfase, berre mindre innslag av optimalfase i aust. I tillegg også litt opplausingsfase lengst i vest. Det finst litt dautt trevirke i området, men mest ganske ferskt til litt nedbrote. Den grove alma i aust må ha vore styva tidlegare, medan almeskogen i sentrale delar av området ikkje ber tydeleg preg av dette.

Framande artar: Gran er planta m.a. vest for lokaliteten.

Del av heilskapleg landskap: Surnadal har ein del almeskog og generelt store naturverdiar knytt til dette treslaget. Dette gjeld særleg for førekomstar av grov og gammal alm. I distriktet er det også ein del verdiar knytt til gammal oreskog. Den avgrensa lokaliteten inneheld slike verdiar, men i avgrensa grad, og kan ikkje seiast å vera nokon viktig del av eit heilskapleg landskap ut frå dette perspektivet. Derimot er det fleire lokalitetar med gammal oreskog lenger nedover langs bekken, og i så måte er den eit svært viktig element i førekomstane av gammal lauvskog langs Hommelstadbekken.

Verdivurdering: Lokaliteten får under noko tvil verdien svært viktig - A. Den er middels stor og har ein del kvalitetar knytt til både rik edellauvskog, gamle edellauvtre, gammal lauvskog og bekkekløfter. Få kravfulle og raudlista artar er likevel så langt funne, sjølv om det er eit klart potensial for slike. Avgjerande for å gje lokaliteten så høg verdi er at den er ein svært viktig del av eit heilskapleg landskap med gammal lauvskog langs Hommelstadbekken.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er å la skogen få vere i fred for alle typar inngrep. Det einaste unntaket gjeld fjerning av gran og andre framande treslag. Også vassdragsregulering er klart negativt.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 2 art(er) påvist: alm (NT), narrepiggsopp (NT).



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog
Utforming: Rikt hasselkratt
Mosaikk:
Feltsjekk: 28.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleing: Lokalitetsskiltringa er utarbeidd av Geir Gaarder 17.03.2011, med grunnlag i eige feltarbeid 28.10.2010 saman med Ulrike Hanssen. Undersøkinga er gjort på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning tilknytt edellauvskogskartlegging i Møre og Romsdal fylke.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett ovanfor gardsbruket Henna på sørsida av Arasvikfjorden, eit par hundre meter ovanfor E39. Lokaliteten ligg i ei grovt sett austvendt li, men da i ein liten søraustvendt skråning. Berggrunnen er for det meste gneis og truleg ikkje særleg kalkrik. Lokaliteten grenser noko utydeleg mot fattigare lauvskog på alle kantar.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Det lågurtprega feltsjiktet og høgt innslag av hassel gjer at naturtypen er vurdert å vere rike hasselkratt.

Artsmangfald: Utanom hassel så er det mest bjørk i tresjiktet, og elles innslag av m.a. rogn og selje. Feltsjiktet er ikkje særleg rikt, og berre lågurt- og høgstaudeartar som mjøduert, skogsvinerot, enghumleblom og tviskjeggveronika vart funne.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er for det meste i optimalfase i denne lia, men lokale tendensar til aldersfase. Innanfor lokaliteten må ein vel helst kalle det eldre optimalfase, utan særleg gamle tre og daudt trevirke. Delar av skogen her er ganske godt hevda med beite av storfe, men beitetrykket er nok ikkje særleg høgt innanfor avgrensa lokalitet.

Framande artar: Ingen observert korkje i lokaliteten eller i nærleiken.

Del av heilskapleg landskap: Det er så langt ikkje kjent særleg mykje rike hasselkratt på sørsida av Arasvikfjorden, så lokaliteten kan i liten grad reknast som del av heilskapleg landskap.

Verdivurdering: Lokaliteten er liten, nokså dårleg utvikla og med lågt potensial for sjeldsynte og raudlista artar. Verdien vert difor berre sett til lokalt viktig - C.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er å la skogen få stå i ferd for hogst. Ekstensivt husdyrbeite bør derimot halde fram.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 1 art(er) påvist: skogsvinerot.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog
Utforming: Gråor-almeskog
Mosaikk:
Feltsjekk: 28.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleing: Lokalitetsskiltringa er utarbeidd av Geir Gaarder 17.03.2011, med grunnlag i eige feltarbeid 28.10.2010. Undersøkinga er gjort på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning tilknytt edellauvskogskartlegging i Møre og Romsdal fylke.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg oppe i den bratte sørvendte lia ovanfor Mebakkan, den inste garden i Årvågsfjorden, berre ein kilometer frå Trøndelagsgrensa. I øvre delar av lokaliteten er det ein del berghamrar av varierende storleik. Den er avgrensa av grov rasmark i nedkant og berghamrar på oversida. Mot aust og vest er det utydelege grensar mot fattigare rasmarksskog. Berggrunnen er av gneis og nok for det meste nokså kalkfattig.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Vegetasjonen er rasmarksprega og ei veksling mellom lågurtdominerte og meir høgstaudedominerte artar i feltsjiktet (mest av det siste). Berghamarane har for det meste kalkfattig vegetasjon, men lokalt er det meir intermediære tilhøve. Også innslag av opne høgstaudeenger.

Artsmangfald: Tresjiktet er dominert av boreale treslag som selje og bjørk. I tillegg m.a. furu, rogn og hegg. Hassel finst sparsamt og det er også mindre bestand av alm (NT) her. I feltsjiktet er det mest høgstauder som bringebærm brunrot og mjødurrt, men også einskilde edellauvskogsartar som myske og junkerbregne. På berget artar som lodnebregne, svartburkne og bergfrue. På gamle lauvtre og bergvegger veks det litt lav i lungenever-samfunnet, der det forutan grynfiltlav, blåfiltlav, kystfiltlav, lungenever, sølvnever og skrubbenever også ein stad vart funne litt kastanjelav (VU) på berget.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er i eldre optimalfase til aldersfase, med litt daudt trevirke. Det er innslag av ganske grove seljetre, og to almetre som står i berget er ganske grove og gamle. Truleg er kontinuiteten i daudt trevirke svak. I nyare tid har det ikkje vore inngrep her.

Framande artar: Ingen observert korkje i lokaliteten eller i nærleiken.

Del av heilskapleg landskap: Dei sørvendte liene i indre delar av Årvågsfjorden har ein del rasmarksskog med varmekjære innslag, og den avgrensa lokaliteten utgjer ein viktig del av dette.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi viktig - B, både fordi ein sårbar art vart funne, men dels også fordi det er ein middels utvikla og ganske artsrik rasmarksskog.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er å la lokaliteten få vere i fred.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 12 art(er) påvist: junkerbregne, hassel, alm (NT), brunrot, myske, vanlig blåfiltlav, kastanjelav (VU), sølvnever, lungenever, skrubbenever, grynfiltlav, kystfiltlav.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Gammel lauvskog

Utforming: Fuktig kystskog

Mosaikk:

Feltsjekk: 28.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleing: Lokalitetsskiltringa er utarbeidd av Geir Gaarder 17.03.2011, med grunnlag i eige feltarbeid 28.10.2010. Undersøkinga er gjort på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning tilknytt edellauvskogskartlegging i Møre og Romsdal fylke.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg oppe i den bratte sørvendte lia ovanfor Solli, den nedst inste garden i Årvågsfjorden. I øvre delar av lokaliteten er det ein del berghamrar av varierende storleik. Den er avgrensa av grov rasmark i nedkant og berghamrar på oversida. Mot aust er det utydeleg grense mot fattigare rasmarksskog, medan det er fattige berghamre og blokkmark i vest. Berggrunnen er av gneis og nok for det meste nokså kalkfattig.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Vegetasjonen er rasmarksprega og ei veksling mellom lågurdtdominerte og meir høgstaudedominerte artar i feltsjiktet, dels også fattigare vegetasjon. Berghamrane har for det meste kalkfattig vegetasjon, men lokalt er det meir intermediære tilhøve. I tillegg små innslag av opne høgstaudeenger.

Artsmangfald: Tresjiktet er dominert av boreale treslag som selje og bjørk. I tillegg m.a. rogn. Hassel finst sparsamt. I feltsjiktet er det mest høgstauder som skogvikke og haremat, men også einskilde edellauvskogsartar som myske. På gamle lauvtre og bergvegger veks det litt lav i lungenever-samfunnet, der det forutan grynfiltlav, blåfiltlav kystårenever, lungenever, sølvnever og skrubbenever også ein stad vart funne litt kastanjelav (VU) og to stader olivenlav (NT) på berget.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er stort sett i eldre optimalfase, med lite daudt trevirke. Truleg er kontinuiteten i daudt trevirke dårleg. I nyare tid har det ikkje vore inngrep her.

Framande artar: Ingen observert korkje i lokaliteten eller i nærleiken.

Del av heilskapleg landskap: Dei sørvendte liene i indre delar av Årvågsfjorden har ein del rasmærkskog med varmekjære innslag, og den avgrensa lokaliteten utgjer ein del av dette.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi viktig - B, både fordi ein sårbar art vart funne. Om det ikkje var for denne så hadde nok lokaliteten berre fått verdien lokalt viktig - C.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er å la lokaliteten få vere i fred.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 10 art(er) påvist: hassel, myske, vanlig blåfiltlav, olivenlav (NT), kastanjelav (VU), sølvnever, lungenever, skrubbenever, grynfiltlav, kystårenever.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog
Utforming: Rikt hasselkratt
Mosaikk:
Feltsjekk: 28.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleing: Lokalitetsskiltringa er utarbeidd av Geir Gaarder 17.03.2011, med grunnlag i eige feltarbeid 28.10.2010. Undersøkinga er gjort på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning tilknytt edellauvskogskartlegging i Møre og Romsdal fylke.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg oppe i den bratte sørvendte lia ovanfor Haugen, ein av dei inste gardane langs Årvågsfjorden. I praksis er lokaliteten ein ganske smal brem mellom open rasmark med steinblokker og berghamre på oversida. Avgrensinga mot vest er vanskeleg og utydeleg. Generelt har lokaliteten eit noko rotete preg, med m.a. mykje bergveggar. Eit stort ras gjekk gjennom lokaliteten litt aust for midten for nokre år sidan (ein ser det på flyfotoet). Berggrunnen er av gneis og nok for det meste nokså kalkfattig.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Vegetasjonen er rasmarksprega og det er mest lågurtdominert vegetasjon, dels også fattigare plantesamfunn. Stadvis ein god del hasselkratt er avgjerande for val av naturtype. Berghmarane har for det meste kalkfattig vegetasjon, men lokalt er

det meir intermediære tilhøve.

Artsmangfald: Det er ein del hasselkratt, særleg i vestre del. I tillegg innslag av både furu, selje, osp, rogn og bjørk, samt eit par almetre. Feltsjiktet er ikkje særleg rikt, men varmekjære artar som myske vart funne, samt ein del av artar som markjordbær og teiebær og sparsamt med skogsvinerot. Taggbregne vart funne ein stad i aust. På berghamre og av og til gamle lauvtre veks det hist og her artar i lungenever-samfunnet. Dette inkluderer både kastanjelav (VU) i aust, samt den sørlege regnskogslaven grynporrelav. Elles sølvnever, kystnever, grynfiltlav, blåfiltlav, kystfillav, muslinglav, kystårenever, kystvrenge, puteglye, brun blæreglye, lungenever og skrubbenever. Det kan vere potensial for kravfulle marklevande sopp saman med hassel i området, samt vedbuande artar på daudt trevirke.

Bruk, tilstand og påverknad: Alder på skogen varierar noko. Dels er det innslag av gamle tre og litt daudt trevirke (ganske ferskt til noko nedbrotne), men det er også parti med yngre optimalfase, samt at eit stort ras har snaua delar av lia. Til dels kraftige hasselkratt.

Framande artar: Ingen observert korkje i lokaliteten eller i nærleiken.


Del av heilskapleg landskap: Dei sørvendte liene i indre delar av Årvågsfjorden har ein del rasmarksskog med varmekjære innslag, og den avgrensa lokaliteten utgjer ein viktig del av dette.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi viktig - B, både fordi ein sårbar art vart funne. Om det ikkje var for denne så hadde kanskje lokaliteten berre fått verdien lokalt viktig - C.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er å la lokaliteten få vere i fred.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 16 art(er) påvist: taggbregne, hassel, alm (NT), skogsvinerot, myske, puteglye, brun blæreglye, vanlig blåfiltlav, kastanjelav (VU), sølvnever, lungenever, skrubbenever, kystnever, grynfiltlav, kystfiltlav, grynporrelav.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Store gamle trær
Utforming: Gammelt tre
Mosaikk:
Feltsjekk: 28.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Geir Gaarder 28.03.2011, med grunnlag i eige feltarbeid 28.10.2010. Undersøkinga er gjort på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning tilknytt edellauvskogskartlegging i Møre og Romsdal fylke.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ute i Gauplia på nordsida av Årvågsfjorden, rett på nedsida av ein skogsveg. Berggrunnen er av gneis og nok for det meste nokså kalkfattig.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa til ei middels stor, eldre alm. Opprinneleg vegetasjon i lia her er mykje blåbærmark, men med noko fuktigare og rikare mark rundt der alma står.

Artsmangfald: På alma (NT) veks m.a. litt skorpefiltlav (NT). Elles er det lite å nemne.

Bruk, tilstand og påverknad: Det er eit litt eldre tre, men truleg har det ikkje vore styva. Ein ny skogsveg går rett i overkant og har ført til at mykje stein har rasa ned og delvis lagt seg inntil (og i mindre grad også skadd) treet. Skogen på nedsida er for det meste i eldre optimalfase.

Lok. nr. 15 Gauplia aust - alm forts.

Framande artar: Ingen observert korkje i lokaliteten eller i nærleiken.

Del av heilskapleg landskap: Dei sørvendte liene i indre delar av Årvågsfjorden har ein del rasmarksskog med varmekjære innslag, og den avgrensa lokaliteten utgjer ein del av dette.

Verdivurdering: Lokaliteten får ikkje høgare verdi enn lokalt viktig - C, sjølv om det er prat om to raudlisteartar her. Det er tross alt berre prat om eitt tre som ikkje er utprega stort, grovt eller gammalt.

Skjøtsel og hensyn: Ein bør ikkje utføre nye inngrep i eller inntil treet, og vere svært varsam ved kjøyring på vegen på oversida, slik at dette ikke fører til skade på treet.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 2 art(er) påvist: alm (NT), skorpefiltlav (NT).



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Gammel lauvskog
Utforming: Gammelt ospenholt
Mosaikk:
Feltsjekk: 28.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Geir Gaarder 05.04.2011, med grunnlag i eige feltarbeid 28.10.2010. Undersøkinga er gjort på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning tilknytt edellauskskogs kartlegging i Møre og Romsdal fylke.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ute i Gauplia på nordsida av Årvågsfjorden, like ovanfor ein skogsveg. Lokaliteten er noko prega av skogkledt blokkmark. Berggrunnen er av gneis og nok for det meste nokså kalkfattig. Den grensar mot hogstflate ned mot vegen, meir gradvis mot mindre rik skog på andre kantar.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Det er snakk om ei bjørkeskogsli der det innanfor lokaliteten er ein del eldre osp (eit ti-tals tre) og øvst litt hasselkratt. Vegetasjonstype er særleg blåbærskog, men det er også parti med litt lågurtmark her.

Artsmangfald: Bjørk er vanlegaste treslag. I tillegg finst noko osp, samt innslag av hassel og gråor i øvre del. Feltsjiktet er ikkje særleg rikt, men einskilde noko kravfulle artar finst, som myske

og eit eksemplar av breiflangre. På ospetrea er lungenever-samfunnet sparsomt utvikla, med artar som skorpefiltlav (NT) på fleire tre, samt artar som kystfiltlav og vanleg blåfiltlav.

Bruk, tilstand og påverknad: Det er eldre skog i aldersfase, og med litt daudt trevirke. Ospa kan reknast som halvgrov, utan spesielt store dimensjonar.

Framande artar: Ingen observert korkje i lokaliteten eller i nærleiken.

Del av heilskapleg landskap: Dei sørvendte liene i indre delar av Årvågsfjorden har ein del lauvrik rasmarksskog med varmekjære innslag, og den avgrensa lokaliteten utgjer ein del av dette.

Verdivurdering: Lokaliteten har ein del eldre og dels rik lauvskog med førekomst av fleire kravfulle artar og minst ein raudlisteart. I tillegg ligg den innanfor ei li med meir slik skog. Sjølv om lokaliteten er liten får den difor under litt tvil så høg verdi som viktig - B.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er å la lokaliteten få vere i fred.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 5 art(er) påvist: myske, bredflangre, vanlig blåfiltlav, skorpefiltlav (NT), kystfiltlav.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Gammel lauvskog
Utforming: Gammelt ospenholt
Mosaikk:
Feltsjekk: 28.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Geir Gaarder 05.04.2011, med grunnlag i eige feltarbeid 28.10.2010. Undersøkinga er gjort på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning tilknytt edellauvskogskartlegging i Møre og Romsdal fylke.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ute i Gauplia på nordsida av Årvågsfjorden, noko nordvest for ein skogsveg. Lokaliteten er noko prega av rasmark, dels ganske open. Berggrunnen er av gneis og nok for det meste nokså kalkfattig. Den grensar mot mindre rik skog på alle kantar.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Det er snakk om ei bjørkeskogsli der det innanfor lokaliteten er ein del eldre osp (truleg 20-30 tre) og øvst litt hasselkratt. Vegetasjonstype er særleg blåbærskog, men det er også parti med lågurtmark her.

Artsmangfald: Bjørk er vanlegaste treslag. I tillegg finst noko osp, samt innslag av hassel i øvre del. Feltsjiktet er ikkje særleg rikt, men einskilde noko kravfulle artar finst, som sanikel og

junkerbregne. På ospetrea er lungenever-samfunnet sparsomt utvikla, med artar som skorpefiltlav (NT), kystfiltlav og vanleg blåfiltlav.

Bruk, tilstand og påverknad: Det er eldre skog i aldersfase, og med litt daudt trevirke. Ospa kan reknast som halvgrov, utan spesielt store dimensjonar. Ei osp var delvis innhol.

Framande artar: Ingen observert korkje i lokaliteten eller i nærleiken.

Del av heilskapleg landskap: Dei sørvendte liene i indre delar av Årvågsfjorden har ein del lauvrik rasmarksskog med varmekjære innslag, og den avgrensa lokaliteten utgjer ein del av dette.

Verdivurdering: Lokaliteten har ein del eldre og dels rik lauvskog med førekomst av fleire kravfulle artar og minst ein raudlisteart. I tillegg ligg den innanfor ei li med meir slik skog. Sjølv om lokaliteten ikkje er særleg stor får den difor under litt tvil så høg verdi som viktig - B.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er å la lokaliteten få vere i fred.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 3 art(er) påvist: junkerbregne, sanikel, skorpefiltlav (NT).



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog
Utforming: Rikt hasselkratt
Mosaikk:
Feltsjekk: 29.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Geir Gaarder 05.04.2011, med grunnlag i eige feltarbeid 29.10.2010. Undersøkinga er gjort på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning tilknytt edellauvskogskartlegging i Møre og Romsdal fylke.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg mellom Storslett og Bergeneset på sørsida av Ertvågøya. Det er snakk om ei brattlendt, sørvendt li der den rike skogen i stor grad ligg på rasmark under bergrota, med overgang mot meir open rasmark under. Det er litt uklare grenser mot fattigare skog både i vest og aust. Det er gneis i berggrunnen, som stort sett gjev grunnlag for ganske kalkfattig flora.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten har ein del rik hasselkratt med lågurtprega vegetasjon, men det er også av arronderingsmessige omsyn inkludert noko fattigare lauvskog, berghamre og open rasmark. Små parti har meir frisk, høgstaudeprega vegetasjon.

Artsmangfald: Hassel er nok vanlegaste treslag i busk- og tresjiktet. I tillegg sparsamt innslag av

alm (NT), samt boreale treslag som bjørk, gråor, furu og osp. I busksjiktet korsved. Feltsjiktet er jamnt over ikkje særleg artsrikt, men artar som kransmynte, myske og lundgrønaks finst. I vestle del vart det også ein stad funne småborre, ein sjeldsynt art ut mot kysten i fylket. Lungenever-samfunnet er ganske dårleg utvikla, med litt vanleg blåfiltlav og vrenger.

Bruk, tilstand og påverknad: Det er nok stort sett eldre skog her i aldersfase, men den er såpass oppbrote av rasmark og berghamre, og fleire stader påverka av ras, slik at ein i liten grad har noko slutta stovaksen skog. Delar har mest preg av høgvakse kratt. Ein utydeleg sti (hjortetrakk) går langs bergrota. Sørvest for lokaliteten er det planta noko gran.

Framande artar: Ingen observert i lokaliteten, men gran ganske nær ved.


Del av heilskapleg landskap: Det er ein del varmekjær lauvskog på sørsida av Ertvågøya, og avgrensa lokalitet er ein klar del av dette.

Verdivurdering: Lokaliteten er ganske stor og intakt, men ikkje spesielt godt utvikla, med få funn av raudlista og kravfulle artar. Verdien vert difor sett til viktig - B.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er å la lokaliteten få vere i fred. Hjortestammen bør ikkje verte høgare enn av almetrea kan klare seg og ikkje vert for mykje nedbeita eller skadd.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 2 art(er) påvist: alm (NT), småborre.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming: Rikt hasselkratt

Mosaikk: Totalt 1 naturtype(r) registrert: Rik edellauvskog F01 - Rikt hasselkratt F0103 (80%).

Feltsjekk: 29.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Geir Gaarder 05.04.2011, med grunnlag i eige feltarbeid 29.10.2010. Undersøkinga er gjort på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning tilknytt edellauvskogskartlegging i Møre og Romsdal fylke. Det har også vore ein skilde andre turar i området dei siste ti åra, m.a. av Finn Oldervik (pers. meld.).

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg vest for Storslett mot Bergeneset på sørsida av Ertvågøya. Det er snakk om ei brattlendt, sørvendt li der den rike skogen i stor grad ligg på rasmark under berggrotta, dels meir stabil mark i austre del. Det er litt uklare grenser mot fattigare skog i vest, medan det er ganske skarp grense mot granplantefelt i aust. Det er gneis i berggrunnen, som stort sett gjev grunnlag for ganske kalkfattig flora.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten har ein del kraftige, rike hasselkratt med ganske tørr og rik lågurtprega vegetasjon, men det er også av arronderingsmessige omsyn inkludert litt fattigare lauvskog, berghamre og open rasmark. Nokre parti har meir frisk,

høgstaudeprega vegetasjon.

Artsmangfald: Hassel er nok vanlegaste treslag i busk- og tresjiktet, men særleg i austre del er det også noko av boreale treslag som furu, osp og bjørk. I tillegg sparsamt innslag av alm (NT).

Feltsjiktet er jamnt over ikkje særleg artsrikt, men det er lokalt ein del myske, sanikel og til dels mykje lundgrønaks, samt litt kjempesvingel og skogfaks i austre del. Der vart det i tillegg gjort eit funn av vaniljerot, som er sjeldsynt i fylket og særleg knytt til rike hasselkratt. Arten vart også funne i denne lia for nokre år sidan av Finn Oldervik (pers. meld.). Det er eit godt potensial for kravfulle marklevande sopp i dei rike hasselkratta, også av raudlisteartar. Lungeneversamfunnet er ikkje særleg godt utvikla, men kystnever og lungenever vart funne på hassel, samt vanleg blåfiltlav på berg.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er stort sett i aldersfase, til dels med noko læger i austlege delar (inkludert grove tre av osp og furu). I vest fører ras til at det er meir preg av høgvalsne kratt med hassel. Sørvest for lokaliteten er det planta noko gran. Det var noko beiteskadar etter hjort på dei to store almetrea som vart funne. Det går enkle stiar (hjortetrakk) gjennom lokaliteten (forsvinn delvis i vest).

Framande artar: Ingen observert i lokaliteten, men gran ganske nær ved.

Del av heilskapleg landskap: Det er ein del varmekjær lauvskog på sørsida av Ertvågøya, og avgrensa lokalitet er ein klar del av dette.

Verdivurdering: Det er i parti velutvikla rike hasselkratt her, med førekomst av kravfulle artar og potensial for fleire slike, også raudlista artar. Lokaliteten er i tillegg ganske stor og intakt. Verdien er difor klart viktig - B, og ein skal ikkje heilt utelukke at betre undersøkingar (særleg av sopp) kan gje grunnlag for enno høgare verdi.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er å la lokaliteten få vere i fred. Hjortestammen bør ikkje verte høgare enn av almetrea kan klare seg og ikkje vert for mykje nedbeita eller skadd.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 11 art(er) påvist: hassel, alm (NT), sanikel, vaniljerot, myske, lundgrønaks, skogfaks, kjempesvingel, vanlig blåfiltlav, lungenever, kystnever.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming: Rikt hasselkratt

Mosaikk: Totalt 2 naturtype(r) registrert: Rik edellauvskog F01 - Rikt hasselkratt F0103 (80%), Naturbeitemark D04 - (D04) Frisk/tørr, middels baserik eng D0407 (10%).

Feltsjekk: 29.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleiing: Lokalitetsskiltringa er utarbeidd av Geir Gaarder 06.04.2011, med grunnlag i eige feltarbeid 29.10.2010. Undersøkinga er gjort på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning tilknytt edellauvskogskartlegging i Møre og Romsdal fylke.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg oppe i den sørvendte lia ovanfor Bergeneset på sørøstre hjørne av Ertvågøya. Lia er bratt og prega av ein del rasmare, dels open og dels skogkledd. Lokaliteten er dels skarpt avgrensa mot granplantefelt i sørlege halvdel, dels meir gradvis mot fattigare skog på andre kantar. Det er gneis i berggrunnen, som stort sett gjev grunnlag for ganske kalkfattig flora.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteteten har småvaksen skog med ein del rike hasselkratt med lågurtprega feltsjikt. Det er også innslag av mindre opne, urterike engsamfunn her, i fyrste rekkje i sørvestre del (typisk stadvis dominert av smalkjempe).

Artsmangfold: I tre- og busksjiktet er nok hassel vanlegast, men det er også ein del boreale treslag som bjørk og selje her. Feltsjiktet i skogen er noko mangelfullt undersøkt, men i det minste finst ein del lundgrønaks og noko myske. I dei engprega partia (dels også oppe i skogen) i sørvest veks naturengplantar som smalkjempe, gulaks, tiriltunge, tepperot, lækjeveronika og jonsokkoll. Her vart det også funne eit par beitemarksopp, inkludert skarlagenvokssopp, og det er potensial for fleire slike.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen verkar ikkje særleg gammal og det er nok mest snakk om eldre optimalfase, med lite daudt trevirke og få gamle tre. Engsamfunna er truleg ugjødsla, men i tydeleg attgroing (no mest streifbeite av hjort, men det skal ikkje vere lenge sidan det gjekk noko sau i lia).

Framande artar: Ingen observert i lokaliteten, men gran ganske nær ved.

Del av heilskapleg landskap: Det er ein del varmekjær lauvskog på sørsida av Ertvågøya, og avgrensa lokalitet er ein del av dette.

Verdivurdering: Lokaliteten er ikkje særleg velutvikla og har ingen optimal tilstand, men inneheld tross alt litt kvalitetar og det er potensial for å finne meire her. Under noko tvil får den såpass høg verdi som viktig - B.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er å la skogen få vere i fred. Skal ein ta vare på verdiane knytt til enga så må beitetrykket av husdyr aukast ein god del, og det er også da på sikt naudsynt å fjerne ein del planta gran i kantsonane.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 11 art(er) påvist: hassel, tepperot, tiriltunge, jonsokkoll, legeveronika, smalkjempe, hårsveve, gulaks, mønjevokssopp, skarlagenvokssopp, elfenbenshette.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Naturbeitemark
Utforming: (D04) Frisk/tørr, middels baserik eng
Mosaikk:
Feltsjekk: 29.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleiing: Lokalitetsskiltringa er utarbeidd av Geir Gaarder 06.04.2011, med grunnlag i eige feltarbeid 29.10.2010. Undersøkinga er gjort på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning tilknytt edellauvskogskartlegging i Møre og Romsdal fylke.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ute på Bergeneset på sørøstre hjørne av Ertvågøya. Den omfattar det meste av dei gamle engene her som framleis er opne ned mot sjøen. Lokaliteten er skarpt avgrensa mot sjøen i sør, mot nakne berg og granplantefelt i vest, mot granplanting i aust og dels nord, samt dels mot meir nitrofil og for sterkt attgrodd eng i nord. Det er gneis i berggrunnen, men her er det nok også litt innslag av kalk i marka, anten som følgje bergarten eller litt skjelsandpåverknad i nedre delar.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Det er snakk om for det meste friske til sesongfuktige enger, med lite tørrbakkepreg, sjølv om det er grunnlendt og sørvendt. Mykje er nok gulaks-engkvein-eng, men det er også ein del noko rikare med smalkjempe og knegras.

Artsmangfold: Ein del typiske naturengplantar er til dels vanlege, som smalkjempe (mykje), knegras, kjertelaugnetrøst, gulaks, tiriltunge, tepperot, lækjeveronika og jonsokkoll. I tillegg er det framleis ein del beitemarksopp å sjå her, og i alt vart 11 ulike artar funne, inkludert raudlisteartane raudskivevokssopp (NT) og russelærvokssopp (NT).

Bruk, tilstand og påverknad: Engsamfunna verkar gamle og lite gjødsla, men er i tydeleg attgroing (no mest streifbeite av hjort, men det skal ikkje vere lenge sidan det gjekk noko sau i lia). Det er nokre hustufter i øvrre del av lokaliteten.

Framande artar: Ingen observert i lokaliteten, men gran nær ved, samt at det står att et par morelltre i øvre del.

Del av heilskapleg landskap: Det er att lite gamle kulturlandskap i nærleiken (nærmast kjent frå Klaven i nordvest og Storslett i aust), slik at lokaliteten ligg noko isolert til.

Verdivurdering: Tilstanden til lokaliteten er ikkje særleg god, men den er likevel framleis artsrik og med førekomst av fleire kravfulle og dels raudlista artar, og ber preg av lang kontinuitet i bruk. Verdien er difor ganske klart viktig - B.

Skjøtsel og hensyn: Skal ein ta vare på verdiane knytt til engene så må beitetrykket av husdyr aukast ein god del, og det er også da på sikt naudsynt å fjerne ein del planta gran i kantsonane.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 23 art(er) påvist: fjellmarikåpe, tepperot, tiriltunge, jonsokkoll, kjerteløyentrøst, legeveronika, smalkjempe, blåknapp, hårsveve, engfrytle, gulaks, knegras, rødgul småkøllesopp, skjør vokssopp, gul vokssopp, mønjevokssopp, liten vokssopp, éngvokssopp, rødskeivokssopp (NT), honningvokssopp, russelærvokssopp (NT), kritt vokssopp, elfenbenshette.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog
Utforming: Gråor-almeskog
Mosaikk:
Feltsjekk: 29.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Geir Gaarder 06.04.2011, med grunnlag i eige feltarbeid 29.10.2010. Undersøkinga er gjort på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning tilknytt edellauvskogskartlegging i Møre og Romsdal fylke.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg mellom Klaven og Bergneset på sørvestre hjørne av Ertvågøya. Lokaliteten ligg noko eksponert mot sørvest under ein låg berghammar med rasmark på nedsida, og er ganske tydeleg avgrensa mot fattigare skog på alle kantar. Det er gneis i berggrunnen, som stort sett gjev grunnlag for ganske kalkfattig flora.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Dette er ein nokså typisk, liten gråor-almeskog med høgstaudeprega feltsjikt i rasmark.

Artsmangfald: Forutan eit par almetre (NT) er det m.a. litt bjørk og selje her. Feltsjiktet er ikkje spesielt rikt, men har typiske høgstaudeartar.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er i aldersfase, men med lite daudt trevirke. Almetrea er

Lok. nr. 22 Steinsneset aust forts.

ikkje utprega grove og ber ikkje preg av å ha vori styva før.

Framande artar: Ingen observert korkje i lokaliteten eller nær ved.

Del av heilskapleg landskap: Det er ein del varmekjær lauvskog på sørsida av Ertvågøya, og avgrensa lokalitet er ein del av dette.

Verdivurdering: Dette er ein liten lokalitet som ikkje er særleg godt utvikla eller med funn av spesielt kravfulle artar. Verdien vert difor sett til lokalt viktig - C. Almetrea ser så langt ut til å ha unngått hjortebeite.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er å la lokaliteten få vere i fred. Hjortestammen bør ikkje verte høgare enn av almetrea kan klare seg og ikkje vert for mykje nedbeita eller skadd.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 1 art(er) påvist: alm (NT).



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog
Utforming: Gråor-almeskog
Mosaikk:
Feltsjekk: 29.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleing: Lokalitetsskiltringa er utarbeidd av Geir Gaarder 06.04.2011, med grunnlag i eige feltarbeid 29.10.2010. Undersøkinga er gjort på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning tilknytt edellauvskogskartlegging i Møre og Romsdal fylke.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg oppe i lia søraust for Klaven, eit nedlagt og veglaust bruk på sørvestsida av Ertvågøya. Han ligg vendt mot sørvest til vest, og er ganske bratt i øvre del, medan det er noko slakare terreng i nedre delar. Ein bekk renn gjennom lia her. Lokaliteten grensar til dels skarpt mot granplantefelt i nordvest, medan det elles er noko uklare grensar mot fattigare skog, samt truleg gammal kulturmark i vest. Det er truleg gneis i berggrunnen, som stort sett gjev grunnlag for ganske kalkfattig flora, men det kan også vera noko rikare glimmerskifer her.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Med førekomst av fleire grove, gamle styva almetre er det innslag av haustingsskog her. Ut frå feltsjikt og treslag er vegetasjonstypen truleg

helst gråor-almeskog, men med tendensar til både gråor-heggeskog og alm-lindeskog.

Artsmangfald: Gråor er nok vanlegaste treslag, medan alm (NT) er sparsam (5-10 tre sett). I tillegg andre boreale lauvtre som selje, bjørk og rogn, samt litt hasselkratt. Feltsjiktet er til dels høgstaudeprega med artar som stornesle og skogsvinerot, og i tillegg skogkarse og skogsalat. Særleg i nedre delar ein del prega av tidlegare hevd med mykje gras (sølvbunke). Varmekjære innslag finst, med m.a. myske, men er ikkje dominerande eller velutvikla. På almetrea vaks m.a. lungenever, kystnever og filthinnelav, medan det ikkje vart funne spesielle skorpelav på dei.

Bruk, tilstand og påverknad: Innanfor lokaliteten vart det sett 3-4 grove, gamle og tidlegare styva almetre. Eit lite holrom på det eine styva almetreet. Elles er skogen til dels berre i optimalfase i nedre delar, men kjem meir over i aldersfase i øvre delar. Daudt trevirke finst, men ikkje mykje.

Framande artar: Ingen observert i lokaliteten, men gran er planta nær ved.

Del av heilskapleg landskap: Det er ein del varmekjær lauvskog på sørsida av Ertvågøya, og avgrensa lokalitet er ein del av dette. Andre haustingsskogar er der derimot lite av her, nærast truleg i lia ovanfor Storslett.

Verdivurdering: Lokaliteten kan ikkje seiast å vere særleg velutvikla eller artsrik, men særleg dei gamle og grove styvingstrea gjer at verdien ganske klart vert viktig - B.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er å la lokaliteten få vere stort sett i fred. Hjortestammen bør ikkje verte høgare enn av almetrea kan klare seg og ikkje vert for mykje nedbeita eller skadd.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 7 art(er) påvist: alm (NT), skogkarse, skogsvinerot, myske, filthinnelav, lungenever, kystnever.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Slåttemark

Utforming: Frisk fattigeng

Mosaikk: Totalt 3 naturtype(r) registrert: Slåttemark D01 - Fuktig fattigeng D0101 (10%), Slåttemark D01 - Frisk fattigeng D0104 (60%), Slåttemark D01 - Frisk næringsrik "gammeleng" D0114 (30%).

Feltsjekk: 29.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Geir Gaarder 06.04.2011, med grunnlag i eige feltarbeid 29.10.2010. Undersøkinga er gjort på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning tilknytt edellauvskogskartlegging i Møre og Romsdal fylke.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på Klaven, på sørvestsida av Ertvågøya. Dette er eit nedlagt og veglaust bruk på sørvestsida av Ertvågøya, men som tydelegvis framleis vert nytta i det minste på sommaren. Innmarka ligg vendt mot vest i ei svakt utforma bukt, med slake enger ned mot sjøen. Det er truleg gneis i berggrunnen, som stort sett gjev grunnlag for ganske kalkfattig flora, men det kan også vera noko rikare glimmerskifer her.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Mykje er gulaks-finnskjegg-eng, men noko rikare såkalla gammaleng (med til dels mykje marikåper) er inkludert. Det er også mindre innslag av meir urterike engsamfunn og fattig fukteng.

Artsmangfald: Ein del typiske naturengplantar er til dels vanlege, som smalkjempe, tepperot og blåknapp. I tillegg er det ein del beitemarksopp her, og i alt vart 12 ulike artar funne, inkludert raudlistearten gulfotvokssopp (NT).

Bruk, tilstand og påverknad: Engene har nok vori gjødsla litt før og stort sett også pløgd opp, men helst har dette ikkje skjedd dei siste ti-åra og noko av enga verkar både gammal og lite gjødsla. Det er ganske utydelege grenser mellom engtypene, helst som følgje av varierende gjødsling. Dei avgrensa engparti vert i all hovudsak framleis slått, medan eit parti i attgroing ikkje er inkludert i lokaliteten. Mindre parti vert nok klipt som plen.

Framande artar: Ingen observert i lokaliteten, med unntak av nokre frukttré, bærbuskar og andre hageplantar.

Del av heilskapleg landskap: Det er att lite gamle kulturlandskap i nærleiken (nærmast kjent frå Bergeneset i søraust), slik at lokaliteten ligg noko isolert til.

Verdivurdering: Det er snakk om slåttemark i hevd, som samtidig er til dels ganske artsrik og med førekomst av fleire typiske og noko kravfulle engartar, inkludert ein raudlisteart. Verdien verkar difor ganske klart å vera viktig - B.

Skjøtsel og hensyn: For naturverdiane er det naudsynt å halde fram med slått og fjerning av alt graset. Ein bør unngå gjødsling. Det hadde nok også vori ein fordel om ein fekk inn litt beite her, vår eller haust, for å unngå at mosedekket vert for tjukt.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 18 art(er) påvist: tepperot, legeveronika, smalkjempe, blåknapp, blåklokke, hårsveve, gul småkøllesopp, blektuppet småkøllesopp, skjelljordtunge, skjør vokssopp, gulfotvokssopp (NT), seig vokssopp, liten mønjevokssopp, éngvokssopp, grønn vokssopp, honningvokssopp, kritt vokssopp, elfenbenshette.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming: Rikt hasselkratt

Mosaikk: Totalt 3 naturtype(r) registrert: Rik edellauvskog F01 - Rikt hasselkratt F0103 (80%), Rik sumpskog F06 - Varmekjær kildelauvskog F0604 (5%), Gråor-heggeskog F05 - Liskog/ravine F0502 (10%).

Feltsjekk: 30.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Geir Gaarder 06.04.2011, med grunnlag i eige feltarbeid 30.10.2010. Undersøkinga er gjort på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning tilknytt edellauvskogskartlegging i Møre og Romsdal fylke.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på sørsida av Stabblandet, aust for Fjelnesdalen. Den ligg i ei bratt, sørvendt li med mykje rasmare og fleire små bekkedalar. Det er også innslag av litt bergveggar innanfor lokaliteten, samt til dels bratte og høge bergveggar og bergflå på oversida. Mot vest er det ganske klar grense mot fattigare og meir påverka skog, mot aust litt varierende mot meir raspåvirka og dels fattigare mark, og mot sør skiftande mot fattigare kratt, berg og rasmare. Det er truleg gneis i berggrunnen, som stort sett gjev grunnlag for ganske kalkfattig flora, men det kan også vera noko rikare glimmerskifer her.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Rike hasselkratt som varierar noko frå fattig lågurtskog til rik lågurtskog er dominerande her. I tillegg små innslag av meir høgstaudeprega mark med orekratt langs nokre av bekkefara, samt ein liten flekk med varmekjær kjeldelauvskog i vestre del. Også litt bergveggar av til dels intermediær karakter. Litt open rasmark i nedre del/nedkant av lokaliteten, men av fattig karakter. Mindre innslag av litt rikare berg/bergflågmiljø hist og her i overkant av lokaliteten.

Artsmangfald: Hassel er nok vanlegaste art i tre- og busksjiktet. I tillegg noko bjørk og lokalt litt gråor. Alm (NT) finst hist og her, men sparsamt og dannar lokalt også mindre bestand med yngre tre (som var uskadd av hjortebeite!). Bartre er det lite av berre ei og anna furu, medan rogn og selje finst sparsamt. Feltsjiktet er over mykje av lokaliteten og særleg i austre delar, ganske fattig med berre sparsam førekomst av varmekjære artar som myske og lundgrønaks. I sentrale og dels vestre delar derimot lokalt ein god del rikare og også med førekomst av kravfulle artar som breiflangre, svartertknapp, skogfaks og kjempesvingel. I tillegg ein liten førekomst av slakkstorr ved eit bekkesig i vestre del. Under ein berghammar vart også laukurt funne. For øvrig vanlege høgstauder som skogsvinerot og skogsalat, samt lokalt litt nattfiol (ukjent art) og jordnøtt. Begge dei to sistnemnde artane er svært sjeldsynte i distriktet og har generelt få funn på Nordmøre. Det vart ikkje gjort spesielle funn av sopp, men det er eit godt potensial for kravfulle og dels raudlista marklevande artar saman med hassel. Lungenever-samfunnet er dårleg utvikla på tre, men noko betre på einskilte bergveggar. Dette inkluderer også eit par funn av kastanjelav (VU), samt blyhinnelev og sølvnever. Elles meir vanlege artar som grynfilflav, vanleg blåfilflav, kystårenever, lungenever og sparsamt med skrubbenever.

Bruk, tilstand og påverknad: Det er lite nyare inngrep innanfor lokaliteten, men skogen er likevel for det meste berre i optimalfase med få gamle tre. Det er lite daudt trevirke og dei få større almetrea som finst ber ikkje preg av tidlegare styving. På den andre sida så har heller ikkje hjorten enno skadd almetrea her. Særleg i austre delar er lokaliteten prega av ras og ligg til dels nede.

Framande artar: Ingen observert i eller nær lokaliteten.


Del av heilskapleg landskap: Det finst litt varmekjær lauvskog også andre stader i den sørvendte lia til Stabblandet, og dette er både den største og rikaste av desse.

Verdivurdering: Lokaliteten er ganske stor og har ein god del velutvikla hasselkratt. Samla sett er også floraen ganske rik med førekomst av fleire regionalt relativt kravfulle og sjeldsynte artar, inkludert ein sårbar lavart. Ut frå ei samla vurdering får difor lokaliteten verdi svært viktig - A.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er å la lokaliteten få vere stort sett i fred. Hjortestammen bør ikkje verte høgare enn av almetrea kan klare seg og ikkje vert for mykje nedbeita eller skadd.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 15 art(er) påvist: alm (NT), svartertknapp, jordnøtt, bredflangre, slakkstarr, skogfaks, kjempesvingel, vanlig blåfilflav, kastanjelav (VU), blyhinnelev, sølvnever, lungenever, skrubbenever, grynfilflav, kystårenever.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming: Alm-lindeskog

Mosaikk: Totalt 2 naturtype(r) registrert: Rik edellauvskog F01 - Rikt hasselkratt F0103 (60%), Høstingsskog D18 - Varmekrevende, frisk, næringsrik høstingsskog med styvingstrær av edellauvtrær (alm, ask, lind) D1801 (20%).

Feltsjekk: 30.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Geir Gaarder 06.04.2011, med grunnlag i eige feltarbeid 30.10.2010. Undersøkinga er gjort på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning tilknytt edellauvskogskartlegging i Møre og Romsdal fylke.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordsida av Vinjefjorden, ute på eit nes mellom Ervik og Todal, i ei svakt utforma sørvendt gryte. I overkant er det nokre bratte, glissent skogkledte berghamre, og det gjeld også i stor grad mot aust og vest med generelt fattigare skog, medan vegen går på nedsida. Det skal vera gneis i berggrunnen, som stort sett gjev grunnlag for ganske kalkfattig flora, men det vart også funne noko mørkare bergartar her (gabbro/amfibolitt e.l.) som nok gjev grunnlag for litt rikare flora.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Vestre del har mest rike hasselkratt med

lågurprega til litt friskare feltsjikt. Austre del har karakter av meir rasmark med svakt utvikla almeskog.

Artsmangfald: Hassel er dominerande i vestre del, men også litt boreale treslag som bjørk, og heilt i vest også furu. I austre del er det meir blanding og dårlegare skogstruktur, men med innslag av eit par almetre. Feltsjiktet er stadvis ganske rikt med mykje lundgrønaks, myske og sanikel. Andre varmekjære artar er skogsvinerot, skogsalat og vårerteknapp. Lavfloraen er ikkje spesielt rik, men det finst hasselrurlav (NT) på fleire hasselstammar i vestre del. Elles litt artar frå lungeneversamfunnet med lungenever, grynfiltlav og vanleg blåfiltlav og på den eine alma litt kystnever. Det er eit potensial for kravfulle marklevande sopp her.

Bruk, tilstand og påverknad: To almetre er ganske grove og ber preg av å ha vori styva tidlegare. Dei er noko skadd av hjortegnag. Elles er mykje av skogen i eldre optimalfase til aldersfase med einskilde gamle tre og litt daudt trevirke.

Framande artar: Ingen observert i eller nær lokaliteten.



Del av heilskapleg landskap: Det er ein god del varmekjær lauvskog inne i Todalen og langs fjordlia mot Vinjefjorden, og også noko vidare mot nordvest opp Aursundet. Avgrensa lokalitet er ein del av dette miljøet.

Verdivurdering: Lokaliteten er ganske liten og berre middels godt utvikla. Ingen spesielt kravfulle artar er så langt funne, men tross alt eit par raudlisteartar. Under noko tvil får difor lokaliteten såpass høg verdi som viktig - B.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er å la lokaliteten få vere stort sett i fred. Hjortestammen bør ikkje verte høgare enn av almetrea kan klare seg og ikkje vert for mykje nedbeita eller skadd.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 10 art(er) påvist: alm (NT), vårerteknapp, sanikel, myske, lundgrønnaks, vanlig blåfiltlav, lungenever, kystnever, grynfiltlav, Thelotrema suecicum (NT).



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming: Rikt hasselkratt

Mosaikk: Totalt 4 naturtype(r) registrert: Rik edellauvskog F01 - Rikt hasselkratt F0103 (60%), Høstingsskog D18 - Varmekrevende, frisk, næringsrik høstingsskog med styvingstrær av edellauvtrær (alm, ask, lind) D1801 (20%), Rik sumpskog F06 - Varmekjær kildelauvskog F0604 (5%), Gråor-heggeskog F05 - Liskog/ravine F0502 (15%).

Feltsjekk: 30.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Geir Gaarder 06.04.2011, med grunnlag i eige feltarbeid 30.10.2010. Undersøkinga er gjort på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning tilknytt edellauvskogskartlegging i Møre og Romsdal fylke. Truleg har også einskilde andre botanikarar vori her tidlegare, i det minste indikerar herbariefunn frå Jon Kaasa på 1950-talet av m. a. slakkstorr frå Todalen at han har vori her.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ytre delav av Todalen, på nordsida av bygda med same namn, i austre del av Aure kommune. Mellom Kvistdalen og fjorden er mykje av flata ned mot elva dyrka opp, medan det er ei ganske lang sørvendt skogskledt li ovanfor. Denne er til dels ganske slak i nedre delar og vert gradvis brattare opp mot skoggrensa, særleg i aust, under

Ørnberget. Avgrensa lokalitet omfattar mykje av den skogkledte delen av denne lia, med unntak av mindre parti med ganske påverka og samtidig fattig skog ned mot dyrka mark, samt den høgstliggande meir fattige skogen opp mot snaufjellet. I aust er det grense mot tidlegare kartlagt naturtypelokalitet (også der er rike hasselkratt viktige), og i vest dels også annan lokalitet, men i større grad fattigare lauvskog i rasmark og ei kraftline. Grensa opp mot den fattigare fjellskogen er berre grovt avgrensa og ikkje nøyaktig undersøkt. Det er gneis i berggrunnen, som stort sett gjev grunnlag for ganske kalkfattig flora.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Rike hasselkratt med frisk til svakt lågurtprega feltsjikt er vanlegaste naturtype og vegetasjonstype her. Til dels er denne ganske frisk og i overgang mot gråor-heggeskog, som særleg er utbreidd rundt bekken i sentrale delar av området. Der vart det også påvist litt areal med varmekjær kjeldelaufskog (på vestsida av bekken) og mindre flekker med dette vart også funne hist og her andre stader i nedre delar av lia (det er mange små fuktig i lia). I austre delar er det i tillegg ein del rasmark og høgstaudeprega feltsjikt i overgang mellom gråor-almeskog og alm-lindeskog, og slikt finst meir eller mindre godt utvikla også vidare vestover i dei brattare delane av lia. Skogen i øvre delar av lokaliteten er som sagt noko dårlegare undersøkt, men truleg er det der ein del høgstaudeskog med gradvis mindre varmekjær preg, som også etter kvart går over i småbregne- og blåbærskog.

Artsmangfald: Hassel og stadvis gråor er dei vanlegaste artane i busk- og tresjikt og begge dannar store bestand i området. Det er spreidd innslag av andre treslag i denne skogen, som bjørk, selje og rogn. Oppe i lia er det spreidd med alm (NT), men arten dannar i liten grad eigne bestand. Der kjem det også inn mykje boreale treslag, særleg bjørk, men også selje, osp og rogn, samt tidlegare omtalte hassel og gråor. Feltsjiktet er nær innmarka ofte ganske artsfattig og med mest gras (særleg sølvbunke) og andre beitetolerante artar. Særleg i dei rasmarksprega partia i aust er det ein ganske rik flora som inkluderar m.a. noko kjempesvingel, samt andre kravfulle artar som lundgrønaks, myske, berggull og sanikel. Elles artar som revebjølle, turt, skogsvinerot og stornesle. Når det gjeld lav så verkar ikkje lungenever-samfunnet ganske sparsamt til middels godt utvikla i nedre og midtre delar av lia med ein del lungenever, sparsamt med skrubbenever og artar som puteglye, brun blæreglye, grynfiltlav, kystårenever og vanleg blåfiltlav. På hassel finst spreidd med hassellrurlav (NT). På dei gamle almetrea i austre delar veks det sparsamt med skorpelav som bleikdoggnål (NT), kystdoggnål (NT) og bleik kraterlav (VU). Her vart det også gjort eit par funn av narrepiggsopp (NT) på almetrea, samt almekullsopp (NT) på almelåg. Det er nok eit potensial for kravfulle marklevande sopp knytt til hassel i området, men kanskje ikkje spesielt stort som følgje av at rik lågurtskog er mangelvare.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen i nedre delar av lia er stort sett i optimalfase, for det meste eldre optimalfase, men med mykje store og kraftige hasselkratt. Nokre parti med oreskog hadde ein del daudt trevirke og var i aldersfase. I øvre delar av lia er det mest skog i aldersfase, med spreidd innslag av grove og gamle tre og daudt trevirke, også av osp og selje. Til dels finst noko nedbrotne læger og ikkje berre ferske. Spreidd i lia og vanlegast i aust er gamle og grove styvingstre av alm, fleire ti-tals eksemplar. I nedkant av lokaliteten er det fleire restar av gamle steingjerde. Ei kraftline heilt i vest. Litt gnageskader etter hjort på almetrea.

Framande artar: Det er planta så vidt gran og eit stort lerketre i nedre delar av lia, for det meste på utsida av avgrensa lokalitet. Funn av nokre blad av platanlønn i nedre delar indikerar at denne arten er i ferd med å spreie seg inn i området.

Del av heilskapleg landskap: Det er ein god del varmekjær lauvskog inne i Todalen og langs fjordlia mot Vinjefjorden, og også noko vidare mot nordvest opp Aursundet. Avgrensa lokalitet er ein sentral del av dette miljøet.

Verdivurdering: Dette er ein uvanleg stor og jamnt over intakt lokalitet og truleg blant dei største hasselskogsområda i regionen utanfor Eikesdalen i Nesset. I tillegg er det klare verdiar her knytt til haustingsskog/gammal edellaufskog og også noko varmekjær kjeldelaufskog som er ein sterkt truga vegetasjonstype. Fleire kravfulle, sjeldsynte og raudlista artar er funne og det er potensial for ytterlegare ein del slike. Verdien er difor heilt klart svært viktig - A.

Skjøtsel og hensyn: Generelt er nok det beste for naturverdiane å la heile lia få stå i fred for inngrep, med unntak av fjerning av framande treslag. Sjølv om det tidlegare har vori ein god del høgare kulturutnytting her, så vil nok t.d. framhald av styving eller uttak av ved lett gjere ein del større skade enn nytte på naturverdiane. Noko ekstensivt husdyrbeite kan derimot vera klart positivt.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 22 art(er) påvist: alm (NT), berggull, skogsvinerot, brunrot, sanikel, myske, slakkstarr, lundgrønnaks, kjempesvingel, almekullsopp (NT), narrepiggsopp (NT), puteglye, brun blæreglye, vanlig blåfiltlav, lungenever, skrubbenever, grynfiltlav, kystårenever, Gyalecta flotowii (VU), bleikdoggnål (NT), kystdoggnål (NT), Thelotrema succicum (NT).



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Gammel lauvskog
Utforming: Gammelt ospeholt
Mosaikk:
Feltsjekk: 28.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Skildringa er lagt inn av Ulrike Hanssen 12.04.2011, med grunnlag i eige feltarbeid den 28.10.2010 i samband med naturfaglege registreringar av edellauvskog i Møre og Romsdal i 2010 på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning (DN).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i Aure, nordvest for Årvågen, søraust for Fonna-fjellet, rett nord for grusvegen til Vikan. Den ligg ved foten av ei veldig bratt sørvendt li dominert av blokkmark. I vest grensar den til ei lita elv, i nord til fattig blandingsskog som går over til registrert gammel kystbjørkeskog litt høgare opp i terrenget. I aust grensar den til yngre blandingsskog og i sør til den bratte kanten ned til grusvegen mellom Årvågen og Vikan. Marka er dekt av mose- og tresatt blokkmark. Det er fleire bekkesig som til dels går underjordisk under steinblokkane og som renn ut att på overflata i nedre delen av lokaliteten. Berggrunnen består av migmatittgneis og granittisk gneis.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er ein gammel lauvskog, utforming

Lok. nr. 28 Gauplia - gammel ospenholt forts.

gamle ospenholt og har blåbærlyng-vegetasjon.

Artsmangfold: Det er osp som dominerer i tresjiktet, mens det finst også innslag av bjørk og ein god del einer- og spreidde rosebusker i busksjiktet. I feltsjiktet veks mykje blåbærlyng samt sisselrot, tyttebær og bringebær. På ospetrea vart det funne lodnevrenge, vanleg blåfiltlav, stiftfiltlav, kystvrenge og kystfiltlav. I tillegg finst her ospeildkjuke.

Bruk, tilstand og påvirkning: Ospenholtet er i aldersfase og trea er stort sett middels grove. Det er ein god del ospegadd og daud einer på lokaliteten. I sør går ein bratt skråning ned til grusvegen.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten reknast for å vere del av eit heilskapleg landskap, fordi det finst fleire førekomstar av til dels gamle ospenholt i området. Landskapet preges elles av furu- og lauvblandingsskog, edellaauvskog og ur.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi C – lokalt viktig, fordi den er relativt liten, men har potensial til å huse eit større arts mangfald spesielt blant lav og mosar på gamle ospetre.

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør stå fri for inngrep og for eksempel ikkje utsettast skogshogst.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 7 art(er) påvist: osp, ospeildkjuke, vanlig blåfiltlav, kystvrenge, lodnevrenge, kystfiltlav, stiftfiltlav.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog
Utforming: Rikt hasselkratt
Mosaikk:
Feltsjekk: 28.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Skildringa er lagt inn av Ulrike Hanssen 12.04.2011.2011, med grunnlag i eige feltarbeid den 28.10.2010 i samband med naturfaglege registreringar av edellauvskog i Møre og Romsdal i 2010 på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning (DN).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i Aure, nordvest for Årvågen langs grusvegen til Vikan, søraust for Fonna-fjellet. Det er ei bratt li som hellar mot sør. Ein gammal skogsveg går rett sør for lokaliteten, som grensar til fattig naturleg furudominert skog i nord og aust, og til planta furuskog i vest og sør. Terrengnet er prega av mosekledt blokkmark. Berggrunnen består både av glimmerrik gneis og migmatitt, og foliert granitt.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er einrik edellauvskog av utforming rikt hasselkratt og vegetasjonstypar er blåbær- og småbregneskog.

Artsmangfold: Tre- og busksjiktet består av furu, bjørk, hassel og vierartar. I feltsjiktet veks blåbær, tyttebær og smyle. På dei eldste hasselbuskane finst noko lungenever.

Lok. nr. 29 Gauplia - hasselkratt I forts.

Bruk, tilstand og påvirkning: Det er spor av hogst av furu, og mange av greinene ligg att. Elles finst det ingen teikn på særleg påverknad.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten reknast for å vere del av eit heilskapleg landskap, fordi det finst fleire førekomstar av rik edellauvskog i området. Elles er det fattigare furu- og lauvblandingsskog og ur som pregar landskapet.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi C – lokalt viktig, fordi den er liten, og huser berre få artar som er typiske for rik edellauvskog.

Skjøtsel og hensyn: Det bør ikkje utførast større inngrep i lokaliteten, og hogstmateriallet bør helst fjernast for å halde feltsjiktet ope.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 2 art(er) påvist: hassel, lungenever.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog
Utforming: Rikt hasselkratt
Mosaikk:
Feltsjekk: 28.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Skildringa er lagt inn av Ulrike Hanssen 12.04.2011.2011, med grunnlag i eige feltarbeid den 28.10.2010 i samband med naturfaglege registreringar av edellauvskog i Møre og Romsdal i 2010 på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning (DN).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i Aure, nordvest for Årvågen langs grusvegen til Vikan, søraust for Fonna-fjellet. Det er ei veldig bratt sørvendt li. Lokaliteten ligg mellom ustabil rasmark i både aust og sørvest. Ein om lag 8 meter høg skogkledd fjellvegg dannar grensa mot nordvest. I nord går lokaliteten over i fattigare blandingsskog, og i nordaust grensar den til ei lita elv i overgangen til blokkmark. Berggrunnen består både av glimmerrik gneis og migmatitt, og foliert granitt.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er einrik edellauvskog av utforming rikt hasselkratt og med lågurtvegetasjon i feltsjiktet.

Artsmangfold: I tre- og busksjiktet finst hassel, osp, bjørk, rogn, einer og furu. Vegetasjonen i

feltsjiktet er variert og inneheld ein del kravfulle lågurtartar som myske, hengeaks, lækjeveronika og markjordbær, samt ein del høgstauder som brunrot, vendelrot, bringebær, stankstorkenebb og gjerdevikke. Vidare vart det observert sisselrot, smyle, linnea, blåbær og skogstjerneblom. Dei mest spanande funna er eit godt utvikla lungeneversamfunn med lungenever, skrubbenever, blyhinnelev, kystnever, skjellglye, glattvrenge, lodnevrenge, vanleg blåfiltlav, stiftfiltlav, kystfiltlav og grynfiltlav. I tillegg veks her ospeildkjuke og ei vedlevande stilkjuke (*Polyporus* sp.) på rognlåg.

Bruk, tilstand og påvirkning: Ein nedkutta einerbusk viser til tidlegare skogsdrift på lokaliteten. Elles finst det ingen teikn på særleg påverknad. Skogen er i aldersfase og har mange ospelæger, samt fleire gadd.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten reknast for å vere del av eit heilskapleg landskap, fordi det finst fleire førekomstar av rik edellauvskog i området. Elles er det fattigare blandingskog og ur som pregar landskapet.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi B – lokalt viktig, fordi den er middels stor, huser ein del typiske edellauvskogsartar og har ein artsrik lavflora. Med m.a. ganske mykje daud ved reknast lokaliteten for å ha potensial for enno fleire artar.

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør stå fri for inngrep.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 24 art(er) påvist: osp, hassel, markjordbær, bringebær, rogn, gjerdevikke, stankstorkenebb, brunrot, legeveronika, vendelrot, myske, hengeaks, ospeildkjuke, skjellglye, vanlig blåfiltlav, blyhinnelev, lungenever, skrubbenever, kystnever, glattvrenge, lodnevrenge, grynfiltlav, kystfiltlav, stiftfiltlav.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog
Utforming: Rikt hasselkratt
Mosaikk:
Feltsjekk: 28.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Skildringa er lagt inn av Ulrike Hanssen 12.04.2011, med grunnlag i eige feltarbeid den 28.10.2010 i samband med naturfaglege registreringar av edellauvskog i Møre og Romsdal i 2010 på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning (DN).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i Aure, nordvest for Årvågen langs grusvegen til Vikan, søraust for Fonna-fjellet i ei bratt sørvendt li. Den er avgrensa av ein liten foss i vest, med relativt ung, vegetasjonslaus rasmark av finkorna lausmassar og grus i sør ned mot vegen, og til ein liten fjellvegg og fattigare blandingsskog i nordaust. I aust grensar lokaliteten til ur. Berggrunnen består av migmatittgneis og granittisk gneis.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er einrik edellauvskog av utforming rikt hasselkratt og med lågurtvegetasjon i feltsjiktet.

Artsmangfold: I tre- og busksjiktet finst hassel, osp, bjørk, rogn, einer, samt innslag av selje og rosebusker. I feltsjiktet vart det observert orkideen breiflangre som ein typisk edellauvskogsart.

Elles finst her blåknapp, svartburkne, lækjeveronika, markjordbær, firkantperikum, tepperot, myske, gullris, linnea og bergfrue. Vidare førekjem også ein del høgstauder som vendelrot, skogstorkenebb og stankstorkenebb, og mindre kravfulle artar som blåbær, tyttebær og røsslyng. Lavfloraen er nokså artsrik med kystfiltlav, vanleg blåfiltlav, stiftfiltlav, sølvnever, glattvrenge, blyhinnelav, puteglye, skrubbenever, filthinnelav, men med berre spredt førekomst av lungenever.

Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen har ein del død ved og viser preg av lang kontinuitet.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten reknast for å vere del av eit heilskapleg landskap, fordi det finst fleire førekomstar av rik edellauvskog i området. Elles er det fattigare blandingskog og ur som pregar landskapet.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi C – lokalt viktig, fordi den er middels stor, huser ein del typiske edellauvskogsartar og har ein artsrik lavflora

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør stå fri for inngrep.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 26 art(er) påvist: svartburkne, osp, selje, hassel, bergfrue, markjordbær, tepperot, rogn, skogstorkenebb, firkantperikum, legeveronika, vendelrot, blåknapp, gullris, myske, bredflangre, puteglye, vanlig blåfiltlav, blyhinnelav, filthinnelav, sølvnever, lungenever, skrubbenever, glattvrenge, kystfiltlav, stiftfiltlav.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Gammel lauvskog

Utforming: Fuktig kystskog

Mosaikk:

Feltsjekk: 28.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Skildringa er lagt inn av Ulrike Hanssen 12.04.2011, med grunnlag i eige feltarbeid den 28.10.2010 i samband med naturfaglege registreringar av edellauvskog i Møre og Romsdal i 2010 på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning (DN).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i Aure, nordvest for Årvågen langs grusvegen til Vikan, søraust for Fonna-fjellet. Det er ei veldig bratt sørvendt li dominert av blokkmark.

Lokaliteten grensar til ein foss/elv i vest, til ur i nord og til yngre, fattig furuskog i aust. I sør ligg den nestan helt inntil eit registrert gammalt ospeholt. Nedst på lokaliteten er det fleire kjeldesig som danner stadvis eit fuktig miljø. Berggrunnen består både av glimmerrik gneis og migmatitt, og foliert granitt.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er ein gammel lauvskog, utforming fuktig kystbjørkeskog. Vegetasjonen varierer mellom mosedominert blokkmark, røsslyng-blåbærkratt og innslag av lågurtar.

Artsmangfold: I tre- og busksjiktet dominerer bjørk, furu og einer, men det finst også rogn og innslag av hassel. I feltsjiktet veks linnea, myske, skogstorkenebb, ved sidan av blåbær, røsslyng og tyttebær. Lavfloraen er relativt artsrikt med førekomstar av artar som tilhøyrar lungeneversamfunnet som lungenever, kystvrenge, grynvrenge og lodnevrenge, samt andre lavartar som vanleg blåfiltlav og stiftfiltlav, og dei trivielle artene bloddråpelav og papirlav. Blant sopp vart det funne labyrintkjuke, svart gelebege og ein skorpelærsopp.

Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen viser kontinuitet i tresjiktet. Den er i aldersfase og huser ein god del gamle bjørk- og furutre. Det er spredt med daud ved og det står ein god del furugadd på lokaliteten, spesielt i øvre delen.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten reknast for å vere del av eit heilskapleg landskap, fordi det finst fleire førekomstar av gammal skog i området. Elles er det yngre furu- og lauvblandingsskog, edellauvskog og ur som pregar landskapet.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi B – viktig, fordi den huser ein del karakteristiske lavartar for gammal lauvskog, har ein god del daud ved samt gamle grove bjørk- og furutre, og har potensial til å vere levestad til sopp, insekt og fuglar.

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør stå fri for inngrep.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 12 art(er) påvist: furu, bjørk, hassel, skogstorkenebb, myske, labyrintkjuke, vanlig blåfiltlav, lungenever, kystvrenge, grynvrenge, lodnevrenge, stiftfiltlav.

Klaven - hasselkratt I ligger til venstre på kartutsnittet.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog
Utforming: Rikt hasselkratt
Mosaikk:
Feltsjekk: 29.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Skildringa er lagt inn av Ulrike Hanssen 12.04.2011, med grunnlag i eige feltarbeid den 29.10.2010 i samband med naturfaglege registreringar av edellauvskog i Møre og Romsdal i 2010 på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning (DN).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på Ertvågsøya, søraust for Imarsundet, på vestsida av Bergefjellet, søraust for Fuglevågen, aust for traktorvegen mot Klaven. Lokaliteten ligg i ei bratt sørvest-vendt li i eit småkupert og relativt fuktig terreng på fleire høgdegrinn med ein del låge fjellveggar og mose- og skogkledt blokkmark. Den grensar til traktorvegen i sør og sørvest, til ein ca. 4 meter høg fjellvegg i vest, og til fattig furuskog i nord og aust. Berggrunnen består av glimmerskifer, amfibolitt, kalksilikatskifer, metasandstein, kalkspatmarmor og gneis.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er ein rik edellauvskog av utforming rikt hasselkratt og med lågurtvegetasjon som går over til blåbærlyng mot aust.

Artsmangfold: I tre- og busksjiktet veks her hassel, gråor, osp, bjørk, spreidde rogn, einer, selje

og innslag av gran. Feltsjiktet huser lågurter som myske, lækjeveronika, sanikel, gauksyre, markjordbær, breiflangre, fiolar, linnea, fagerperikum, tveskjeggveronika, revebjølle og blåknapp. I tillegg finst her skogsalat og bringebær, samt ein del mindre kravfulle artar som einstape, blåbær, sølvbunke, bjønnekam, sisselrot, smyle og tyttebær. I bunnsjiktet er det mye etasjemose og det førekjem også lurveteppemose. Blant lavartar observerte jeg kystfiltlav, puteglye på hassel, grynfiltrav, glattvrenge og grynvrenge på osp. Det førekjem skorpelærsopp på hassel.

Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen har ein god del gadd og læger, og viser preg av lang kontinuitet. Likevel er det spreidde gamle spor av tidlegare skogshogst. I søraust går det eit hjortetråkk.

Fremmede arter: Det finst nokre få spreidde unge grantre.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten reknast for å vere del av eit heilskapleg landskap, fordi det finst fleire førekomststar av rik edellauvskog i området. Elles er det fattig blandingskog med furu-dominans som pregar landskapet.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi C – lokalt viktig, fordi den er liten, men huser likevel ein del typiske edellauvskogsartar og har ein forholdsvis artsrik lavflora.

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør stå fri for inngrep.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 17 art(er) påvist: selje, hassel, markjordbær, bringebær, fagerperikum, revebjølle, tveskjeggveronika, legeveronika, sanikel, skogsalat, myske, bredflangre, puteglye, glattvrenge, grynvrenge, grynfiltrav, kystfiltrav.

Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog
Utforming: Rikt hasselkratt
Mosaikk:
Feltsjekk: 29.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Skildringa er lagt inn av Ulrike Hanssen 06.04.2011, med grunnlag i eige feltarbeid den 29.10.2010 i samband med naturfaglege registreringar av edellauvskog i Møre og Romsdal i 2010 på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning (DN).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på Ertvågsøya, søraust for Imarsundet, på vestsida av Bergefjellet, søraust for Fuglevågen, aust for traktorvegen mot Klaven. Lokaliteten ligg i ei bratt sørvest-vendt li med innslag av mose- og skogkledd blokkmark – spesielt i austlege delen. Den grensar til traktorvegen i sørvest, til fattigare blandingsskog i vest og nordvest, og nokre låge fjellveggar i nord. I nordaust går den over til fattig blandingsskog og lenger ned, i søraust, grensar lokaliteten til eit tett granplantefelt. I vest finst ein forholdsvis stor bekk som delar seg lenger sør innanfor lokaliteten. Langs den austre grensa til lokaliteten renn ein liten kjeldebekk med innslag av fuktigare miljø. Berggrunnen består av glimmerskifer, amfibolitt, kalksilikatskifer, metasandstein, kalkspatmarmor og gneis (27) og/ eller migmatittisk og grantittisk gneis.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er ein rik edellauvskog av utforming rikt hasselkratt og med vegetasjon som varierar mellom lågurtvegetasjon og blåbærlyng.

Artsmangfold: I tre- og busksjiktet veks her gråor, hassel, ein del gamle furu, osp, bjørk, spreidde rogn, einer, innslag av alm (NT), selje, rosebusker, korsved og spreidt med gran. Feltsjiktet huser tepperot, blåknapp, breiflangre, linnea, myske, markjordbær, sanikel og blåklokke, samt dei mindre kravfulle artane sisselrot, smyle og bjønnekam. I tillegg finst det høgstauder som kratthumleblom, mjødurt, bringebær, blåbær og sølvbunke. Blant lavartar finst her grynfiltlav, puteglye, glattvreng, dårleg utvikla lungenever, kystnever og blyhinnefav. Det ble også funne raggkjuke på bjørkelåg.

Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen har ein god del gadd og læger, og viser preg av lang kontinuitet. Likevel er det nokre få spor av tidlegare skogshogst. Det finst fleire hjortetråkk på lokaliteten.

Fremmede arter: Det finst innslag av gran.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten reknast for å vere del av eit heilskapleg landskap, fordi det finst fleire førekomstar av rik edellauvskog i området. Elles er det fattig blandingsskog med furu-dominans som pregar landskapet.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi B – viktig, fordi den er middels stor, huser ein del typiske edellauvskogsartar, deriblant ein rødlisteart, og har ein nokså artsrik lavflora.

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør stå fri for inngrep.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 21 art(er) påvist: selje, hassel, alm (NT), mjødurt, markjordbær, kratthumleblom, tepperot, bringebær, korsved, sanikel, blåknapp, blåklokke, myske, bredflangre, raggkjuke, puteglye, blyhinnefav, lungenever, kystnever, glattvreng, grynfiltlav.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog
Utforming: Rikt hasselkratt
Mosaikk:
Feltsjekk: 29.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Skildringa er lagt inn av Ulrike Hanssen 06.04.2011, med grunnlag i eige feltarbeid den 29.10.2010 i samband med naturfaglege registreringar av edellauvskog i Møre og Romsdal i 2010 på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning (DN).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på Ertvågsøya, søraust for Imarsundet, på vestsida av Bergefjellet, søraust for Fuglevågen, ved slutten av traktorvegen mot Klaven.

Lokaliteten ligg i ei bratt sørvest-vendt li med mose- og skogkledt blokkmark. I vest dannar ein bekk grensa, og denne består av fleire bekkesig som løper saman i øvre del av lokaliteten.

Nordvest for lokaliteten finst eit granplantefelt og i sørvest eit stort hogstfelt. Lengst i nord og nederst i sør grensar lokaliteten til gråorskog, medan den grensar til tørrare fattig furudominert skog i aust. Berggrunnen består av migmatittisk og grantittisk gneis.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er rik edellauvskog med utforming rikt hasselkratt og har lågurtvegetasjon med innslag av blåbærlyng.

Artsmangfold: Tre- og busksjiktet består av gråor, hassel, bjørk, furu og innslag av rogn og selje. I feltsjiktet vart det observert lækjeveronika, tepperot, myske, blåknapp, linnea, markjordbær, gauksyre, fiolar., bringebær, bjønnekam og blåbærlyng. Det mest spennende er ein nokså artsrikt lavflora med stiftfiltlav, puteglye, grynfiltlav, gammalgranlav på gamal bjørkestubbe og glattvrenge. Vidare vart det funne ein korallsopp-art og ein tannsopp på ei gamal bjørk.

Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen er i aldersfase og her ein god del gamal hassel, gråor, bjørk og rogn, men berre spredt med daud ved. Likevel er det spor av tidlegare skogsbruk. Det går fleire dyretråkk gjennom lokaliteten, og ein god del av dei unge gråorskuddene er tydelig beiteskada.

Fremmede arter: Det finst innslag av gran.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten reknast for å vere del av eit heilskapleg landskap, fordi det finst fleire førekomstar av rik edellauvskog i området. Elles er det fattig blandingskog med furu-dominans, gråorskog, hogstfeltet i sørvest og granplantefelt som pregar landskapet.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi C – viktig, fordi den er middels stor, huser ein del typiske edellauvskogsartar og har potensiale til fleire artar.

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør stå fri for inngrep.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 12 art(er) påvist: gråor, hassel, markjordbær, rogn, legeveronika, myske, tannsopp, puteglye, glattvrenge, grynfiltlav, stiftfiltlav, gammelgranlav.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog
Utforming: Rikt hasselkratt
Mosaikk:
Feltsjekk: 29.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Skildringa er lagt inn av Ulrike Hanssen 06.04.2011, med grunnlag i eige feltarbeid den 29.10.2010 i samband med naturfaglege registreringar av edellauvskog i Møre og Romsdal i 2010 på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning (DN).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på Ertvågsøya, søraust for Imarsundet, på vestsida av Bergefjellet, søraust for Fuglevågen, rundt stien til Klaven. Lokaliteten ligg i ei vestvendt li og følger stort sett forsenkningane i terrenget. Difor har den variert eksponering og helningsgrad. Det er ein del låge fjellveggar i nordvest og nordaust, mykje mose-og skogkledd blokkmark, spesielt i nordaust, og spreidde store steinblokkar i det flatere terrenget i den midtre, sørvestlege delen. Lokaliteten grensar til granfelt i nordvest og i søraust, medan det ligg furudominert blandingsskog i nord og aust, og gråorskog i sørvest. Det er nokre kjeldesig som dannar eit fuktig miljø i midtre del. Her ligg restane av ein gammalt husmannsplass/ låve og i vest har skogen tydelig karakter av beiteskog. Berggrunnen består av glimmerskifer, amfibolitt,

kalksilikatskifer, metasandstein, kalkspatmarmor og gneis.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er ein rik edellauvskog med utforming rikt hasselkratt og har lågurtvegetasjon med innslag av småbregnevegetasjon og blåbærlyng.

Artsmangfold: Tre- og busksjiktet består av hassel, gråor, bjørk, furu og innslag av alm (NT), rogn, einer og rosebusker. I feltsjiktet veks det ein del typiske edellauvskogsartar som lækjeveronika, fiolar, blåknapp, myske, gauksyre, tveskjeggveronika, revebjølle, tepperot, linnea, sanikel, skogsalat, krattmjølke, brunrot og lundrapp. I tillegg finst her kratthumleblom, mjødurt, einstape og bjønnekam. Blant lavartene vart det registrert puteglye, glattvrenge, lodnevrenge, lungenever og skrubbenever. Her finst også lærbarksopp på hassel.

Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen er i aldersfase og her ein god del gamle bjørk- og rognetre, samt spreidde læger. Skogen er prega av ganske lang kontinuitet. Stien til Klaven går gjennom lokaliteten frå nordvest til søraust, forbi bygningsrestane. I tillegg finst her fleire dyretråkk og beiteskade på trea.

Fremmede arter: Det er innslag av gran.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten reknast for å vere del av et heilskapleg landskap, fordi det finst fleire førekomstar av rik edellauvskog i området. Landskapet er elles prega av blandingskog, gråorskog og granplantefelt som.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi B – viktig, fordi den er relativt stor, huser ein del typiske edellauvskogsartar med ein rødlisteart og eit svakt utvikla lungeneversammfunn. Positivt er også dei varierte miljøtilhøva, nok som gjev potensial til eit større arts mangfald.

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør stå fri for inngrep. Grantrea bør fjernast.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 16 art(er) påvist: hassel, alm (NT), kratthumleblom, rogn, revebjølle, brunrot, tveskjeggveronika, legeveronika, krattmjølke, sanikel, skogsalat, puteglye, lungenever, skrubbenever, glattvrenge, lodnevrenge.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog
Utforming: Rikt hasselkratt
Mosaikk:
Feltsjekk: 30.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Skildringa er lagt inn av Ulrike Hanssen 06.04.2011, med grunnlag i eige feltarbeid sammen med Geir Gaarder den 30.10.2010 i samband med naturfaglege registreringar av edellauvskog i Møre og Romsdal i 2010 på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning (DN).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på Stabblandet, nord for Korsnesfjorden, vest for Indre Aukan, på nordsida av stien til Fjelnesdalen. Det er ei sørvendt, relativt bratt li med fleire små bergveggar. I vest renn det fleire kjeldesig og dannar eit fuktig miljø. Lokaliteten grensar til fattigare skog i alle retningar. Berggrunnen består av glimmerskifer, amfibolitt, kalksilikatskifer, metasandstein, kalkspatmarmor og gneis.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er ein rik edellauvskog med utforming rike hasselkratt og har lågurtvegetasjon med innslag av blåbærlyng.

Artsmangfold: Tre- og busksjiktet består av hassel, furu, osp, alm (NT), bjørk, rogn, einer og hegg. I feltsjiktet veks ein del typiske artar for rik edellauvskog, bl.a. gauksyre, myske,

krattmjølke, lækjeveronika, markjordbær, blåknapp, lundgrønaks, kratthumleblom, svartburkne, skogssalat, breiflangre, tveskjeggveronika og tepperot. I tillegg finst her kvitbladtistel, og mindre kravfulle artar som blåbær, tyttebær, bjønnekam og sisselrot. Dei mest spanande funna vart registrert blant lavartane, da det førekjem m.a. vanleg blåfiltlav, lungenever, skorpefiltlav (NT), puteglye, kystnever, sølvnever, lodnevrenge, blyhinnelav og grynfiltlav. I tillegg registrerte vi ospeildkjuke på osp, ein ubestemt poresopp på almlåg og rødbrandkjuke på bjørk.

Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen er i aldersfase og ein del læger og gadd tyder på lang kontinuitet.

Fremmede arter: Ingen registrert.


Del av helhetlig landskap: Lokaliteten reknast for å vere del av eit heilskapleg landskap, fordi det finst fleire førekomstar av rik edellauvskog i området. Landskapet er elles prega av fattigare blandingsskog med dominans av furu, gråorskog og plantefelt av furu og gran.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi B – viktig, fordi den er middels stor, har ein bra økologisk variasjon og huser ein del typiske edellauvskogsartar med to rødlisteartar.

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør stå fri for inngrep.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 25 art(er) påvist: svartburkne, hassel, alm (NT), markjordbær, kratthumleblom, rogn, tveskjeggveronika, legeveronika, krattmjølke, blåknapp, hvitbladtistel, skogssalat, myske, bredflangre, rødbrandkjuke, ospeildkjuke, puteglye, vanlig blåfiltlav, skorpefiltlav (NT), blyhinnelav, sølvnever, lungenever, kystnever, lodnevrenge, grynfiltlav.



Naturtyperegistreringer

Naturtype: Rik edellauvskog
Utforming: Alm-lindeskog
Mosaikk:
Feltsjekk: 30.10.2010 (siste)

Beskrivelse

Innledning: Skildringa er lagt inn av Ulrike Hanssen 06.04.2011, med grunnlag i eige feltarbeid sammen med Geir Gaarder den 29. og 30.10.2010 i samband med naturfaglege registreringar av edellauvskog i Møre og Romsdal i 2010 på oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning (DN). Lokaliteten går over i tidligare registrert naturtype Rik edellauvskog, Alm-lindeskog i søraust (BN00038577, Todalsnausta, øvre), med grunnlag i Oldervik (2001).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg sørvest for Aure, på nordsiden av Vinjefjorden, nord for vegen til Todalen. Den ligg i ei veldig bratt søraust-vendt li som består av stort sett ustabil rasmark som oftast er skogskledt, men som også har ein del open rasmark. Det finst også fleire spreidde, mer eller mindre låge fjellveggar på lokaliteten. og ein stor bekk renn gjennom lokaliteten i vest. Stort sett grensar lokaliteten til fattigare blandingskog i alle retningar unntatt noko ur og fjellvegg i nordvest. Berggrunnen består av migmatittgneis og granittisk gneis.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er ein rik edellauvskog med

utforming alm-lindeskog og har lågurtvegetasjon.

Artsmangfold: Tre- og busksjiktet består av hassel, gråor, alm (NT), bjørk, furu, innslag av rogn, osp, einer, rosebusker og korsved. Feltsjiktet huser ein del typiske artar for rik edellauvskog som til dømes myske, lundrapp, gauksyre, tveskjeggveronika, lækjeveronika, breiflangre, vendelrot, skogsalat, revebjelle, skogsvinerot, brunrot, lodnebregne, svarterteknapp, skogfaks, blåknapp, bringebær, markjordbær, tepperot, kratthumleblom, skogstorkenebb, flatbelg og kusymre. Vi registrerte også førekomsten av filtkonglys, gjerdevikke, klengemaure, kratthumleblom, sisselrot, kvitmaure, ryllik, smalkjempe, mjødurt, sløke, stankstorkenebb, kvitbladtistel, sisselrot, hengeaks og lundgrønaks som stadvis dominerar i rasmarkskogen. Lavfloraen er ganske arsrik. Her observerte vi vanleg blåfiltlav, grynfiltilav, lodnevrenge, blyhinnelav, lungenever, kystnever, puteglye, grynvrengre, sølvnever og skorpefiltlav (NT) på osp (482814, 7007110). Vidare observerte vi viftesopp og tannsopp på hassel og truleg bleik kraterlav (VU). Oldervik (2001) nemner også førekomst av tyrihjel, liljekonvall, skogsbjørnebær og almelav (NT).

Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen er prega av lang kontinuitet. Det er spreidd med daud ved, og fleire tre er i aldersfase. Det finst fleire dyretråkk og ein del gnageskadar på trestammene, men likevel er del ein del ung alm på lokaliteten. Det går ei strømlinje litt lenger nord for lokaliteten.

Fremmede arter: Ingen registrert.


Del av helhetlig landskap: Lokaliteten reknast for å vere del av et heilskapleg landskap, fordi det finst fleire førekomstar av rik edellauvskog i området. Landskapet er elles prega av fattigare blandingskog med furudominans og gråorskog.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi A – svært viktig, fordi den er relativt stor, huser ein del typiske edellauvskogsartar med to raudlisteartar, lungeneversamfunn og eit generelt relativt stort artsmangfald.

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør stå urørt.

Artsliste for lokaliteten

Totalt 38 art(er) påvist: lodnebregne, osp, hassel, alm (NT), markjordbær, kratthumleblom, tepperot, bringebær, svarterteknapp, gjerdevikke, skogstorkenebb, skogsvinerot, revebjelle, brunrot, filtkonglys, tveskjeggveronika, legeveronika, smalkjempe, korsved, vendelrot, blåknapp, skogsalat, kusymre, myske, bredflangre, skogfaks, hengeaks, tannsopp, puteglye, vanlig blåfiltlav, skorpefiltlav (NT), blyhinnelav, sølvnever, lungenever, kystnever, grynvrengre, lodnevrenge, grynfiltilav.



Miljøfaglig Utredning AS ble etablert i 1988. Firmaets hovedformål er å tilby miljøfaglig rådgivning. Virksomhetsområdet omfatter blant annet:

- Kartlegging av biologisk mangfold
- Konsekvensanalyser for ulike tema, blant annet: Naturmiljø, landskap, friluftsliv, reiseliv og landbruk
- Utarbeiding av forvaltningsplaner for verneområder
- Utarbeiding av kart (illustrasjonskart og GIS)
- FoU-virksomhet
- Foredragsvirksomhet

Hovedadresse:

Gunnars veg 10, 6630 Tingvoll

Telefon: 97 97 84 20

Org.nr.:

984 494 068 MVA

Hjemmeside:

www.mfu.no